

# ÅRSRAPPORT 2022

## ASKVOLL KOMMUNE

---



---

## Innhold

1	Innleiing	3
2	Befolkningsutvikling	4
3	Næring og sysselsetting	8
4	Folkehelse	12
5	Organisering	16
6	Sentraladministrasjonen	16
7	Oppvekst	20
8	Helse og omsorg	30
9	NAV	42
10	Landbruksforvaltninga for Askvoll, Fjaler og Hyllestad	44
11	Bygg og eigedom	53
12	Brann og redning, feiing	58
13	Teknisk drift	59
14	Driftssentralen	62
15	Politikk og lokaldemokrati	64
16	Interkommunale samarbeid	66
17	Eigarskap	69

# 1 Innleiing

Dette er den første årsrapporten eg legg fram, og den siste som vert lagt fram i dette formatet. Frå og med neste år vil vi ta i bruk same løysinga på rapportering som på budsjettering, slik at vi forhåpentlegvis vil klare å samordne planar på ein betre måte og gje publikum og politikarar ei god og moderne flate å følgje den kommunale verksemda på.

I årsrapporten ligg alt som ikkje er økonomi, det vi seie alt det vi gjer i kvardagen, kva som har vore viktig i året som gjekk og kva utfordringar vi har framover. Den økonomiske rapporteringa har vi i årsrapporten, og vi har i år vald å reindyrke dette skiljet meir enn tidlegare år.

Vi er inne i spesielle tider, der vi først hadde pandemiutfordringar og so krig, prisauke, straumprisar som vi ikkje har sett før og stadig høgare renter. Dette påverkar den kommunale drifta og er bakgrunnen for at vi dverre har sett det som naudsynt å sette store investeringar på vent, slik at vi ikkje aukar lånegjelda meir og må kutte i drifta.

Samfunnsdelen av kommuneplanen er i sluttfasen av arbeidet og vil forhåpentlegvis vere vedteken før sommarferien. Den skal legge grunnlaget for vidare planarbeid og økonomiplanen for åra som kjem, og set retning for korleis Askvoll skal utvikle seg i åra som kjem.

Til liks med heile Noreg står vi føre ei demografisk utvikling som eg vil beskrive som den største utfordringa til Askvoll kommune, saman med klimaendringane som vil gjere klimaet vårt enda våtare og villare. Vi vert ikkje so mange færre, men fleire og fleire vil vere i dei høgare aldersgruppene. Dette vil utfordre både kommunen som organisasjon, bustad og samfunn.

Men vi har og store moglegheiter til å utvikle oss som samfunn. Vi har eit relativt stabilt folketal og høg bustadattraktivitet. Og prosjekt som Heilevangtunellen og Atløysamfunnet vil gje oss store moglegheiter til å verte enda meir attraktive.

Det er og store teknologiske endringar på gang, og AI (Artificial Intelligence) / KI (Kunstig Intelligens) er noko som er på full fart inn i samfunnet vårt. For å syne kva moglegheiter som ligg i teknologien har vi i rapporten fått DALL-E (<https://labs.openai.com>) til å lage ein del av illustrasjonane.

Askvoll 11. mai 23

Martín Lundgård

## 2 Befolkningsutvikling

### 2.1.1 Utvikling per årsak

	2018	2019	2020	2021	2022
Folketal ved inngangen av kvartalet	3 052	3 038	3 011	2 991	2 951
Fødde	28	28	20	30	20
Døde	53	30	36	42	42
Fødselsoverskot	-25	-2	-16	-12	-22
Innvandring	29	6	22	20	33
Utvandring	5	16	13	13	7
Innflytting, innanlands	82	88	77	85	99
Utflytting, innanlands	95	103	91	120	107
Netto innvandring og flytting	11	-25	-5	-28	18
Folkevekst	-14	-27	-20	-40	-2
Folketalet ved utgangen av kvartalet	3 038	3 011	2 991	2 951	2 949

Folketalet i Askvoll kommune gjekk ned med to personar i 2022, og det er særleg fødetal sett opp mot døde som utgjer reduksjonen. Kommunen har hatt underskot i fødselstal sidan 2012, og har vore avhengig av innflytting for å klare å halde folketalet stabilt.

Netto tilflytting i siste ti-års periode er likevel betre enn strukturelle føresetnadnar som innvandring, flyttemønster og arbeidsplassutvikling skulle tilseie. Dette indikerer at bustadattraktiviteten i Askvoll framleis er høg


## 2.1.2 Befolking per grunnkrins

Kommunedel	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Nordsida	2 134	2 123	2 127	2 172	2 164	2 160	2 151	2 137	2 122	2 125
- Askvoll	619	625	643	687	718	691	678	671	670	678
- Ask	123	125	120	117	120	128	126	123	124	126
- Olset	116	115	114	112	104	105	104	104	104	102
- Strømmen	97	103	99	98	99	94	96	89	87	83
- Stongfjorden	170	145	138	136	135	131	122	126	126	131
- Stubseid	52	48	48	50	46	46	48	48	48	46
- Vågane	71	72	73	70	65	63	64	63	61	58
- Gjelsvik	137	143	144	148	134	139	144	134	133	139
- Rørvik	185	188	190	190	189	193	189	184	179	178
- Vårdal	184	177	167	174	167	161	165	169	166	168
- Holmedal - Bakke	279	278	284	285	286	303	306	316	316	308
- Rivedal	101	104	107	105	101	106	109	110	108	108
Øyane	874	883	891	891	887	877	862	855	829	830
- Kumle	137	141	141	141	139	140	128	112	114	120
- Høyvik	66	66	66	66	66	65	69	76	74	75
- Herland	95	99	96	89	95	101	99	106	108	100
- Vilnes	158	161	166	167	157	148	159	152	140	145
- Værlandet	185	184	183	192	189	190	178	170	169	158
- Bulandet	233	232	239	236	241	233	229	239	224	232


Kommunen har 18 krinsar og talet på innbyggjarar i krinsane varierer mykje, og endringane frå år til år er ikkje store. Kommunesenteret Askvoll krins har flest innbyggjarar med 678 personar, åtte fleire enn året før.

## 2.1.3 Befolkningsframskriving

Framskrivingane til Statistisk sentralbyrå syner at folketalet i Askvoll kommune er venta å gå vidare ned, men det er stor usikkerheit knytt til tala. SSB har ti forskjellige modellar for folketalsutvikling, og anslaget for befolkning i 2033 varierer frå 2685 til 2885 personar ut frå kva modell ein ser på. Det som er sannsynleg, er at folketalet vil gå ned og at tal eldre (67 år og over) vil auke



## 2.1.4 Aldersbæreevn




Aldersbæreevna syner forholdet mellom den yrkesaktive og eldre delen av befolkninga. Utrekninga er tal innbyggjarar i yrkesaktiv alder (20 - 66 år) delt på tal eldre (67 år og eldre). I 2023 er denne på 2,23 i Askvoll, men den vil verte redusert til 1,71 i 2032. (SSB sin folketalsprognose, alternativ middels nasjonal vekst). Allereie i løpet av neste kommunestyreperiode vil bæreevna bli under 2.

Reduksjonen i bæreevne vil kome nesten uansett utviklinga i folketalet, og skulle vi hatt same bærekraftsbrøk i 2032 som i dag måtte vi bli **3500 innbyggjarar** på grunn av auke i tal eldre. Reknestykket er då basert på SSB sitt middelalternativ for tal eldre og lik fordeling barn/yrkesfør alder som i dag. Dette gjer at auken i tal eldre må møtast med at vi gjer ting på ein annan måte enn i dag.

## 3 Næring og sysselsetting

Yrkesdeltakinga i Askvoll kommune er høg. Blant innbyggjarar i alderen 20 og 66 år var yrkesdeltakinga 2022 på 81,4 %. Ein auke på 1,4 % frå året før og det høgste sidan 2007. Snitt for fylket var i fjer 79,0 % og for landet samla 77,4 %. Talet på arbeidsledige i alderen 25-74 år var gjennom 2022 mellom 2,0 og 2,3 %.

Askvoll hadde i 2022 1115 sysselsette med arbeidsplass i kommunen. Det er ein auke på 9 personar frå året før. Det er likevel 60 færre enn i 2018 som var året med flest sysselsette i perioden 2010-2020. Talet på sysselsette med bustad i kommunen var i fjer 1472 og har vore relativt stabilt dei siste fem åra. Gjennomsnittsalderen på dei sysselsette med arbeidsplass i Askvoll var 46,9 år, eit relativt høgt snitt samanlikna med snitt for fylket (41,5) og landet (41,8 år)



Utpendlingskommunar, seks største. Kjelde: SSB sysselsettingsstatistikk

Når det gjeld næringsområde så har kommunen flest sysselsette innan varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstenester, forretningsmessig teneste og

eigedom. Nest største område er innan helse- og sosialtenester og sekundærnæringar, medan primærnæringane er fjerde størst.

Næringsområde	2013	2021	2022
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	220	186	205
05-09 Bergverksdrift og utvinning	3		
10-33 Industri	82	84	82
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	7		
41-43 Bygge- og anleggsverksemد	82	102	103
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	101	86	89
49-53 Transport og lagring	120	87	77
55-56 Overnattings- og serveringsverksemد	12	16	
58-63 Informasjon og kommunikasjon	6		
64-66 Finansiering og forsikring	6	0	0
68-75 Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	37	50	53
77-82 Forretningsmessig tenesteyting	10	0	17
84 Off. adm., forsvar, sosialforsikring	51	34	36
85 Undervisning	96	119	122
86-88 Helse- og sosialtenester	253	278	274
90-99 Personleg tenesteyting	23	19	16
00 Ikke oppgitt	9	16	15
<b>Sum</b>	<b>1118</b>	<b>1104</b>	<b>1115</b>

Sysselsette personar med arbeidsplass i Askvoll kommune (15-74 år, begge kjønn). SSB, tabell 07984.  
Ein del tal hjå SSB vert ikkje vist for å unngå å identifisere personar eller verksemder.

Størst vekst i sysselsetjinga ser ein innan bygg- og anleggsbransjen, tenesteyting (teknisk og forretningsmessig) og undervisning. Største nedgang har det vore innan primærnæringar, transport/lagring og offentleg administrasjon.

Flest sysselsette i Askvoll er det i privat sektor, men frå 2015 har det vore ein nedgang i sysselsetjinga på 1,6 prosent i privat sektor, medan det i offentleg sektor har vore ein vekst på 4,9 prosent.

### **3.1.1 Kommunalt næringsarbeid**

#### **Kommunalt næringsfond**

Målet med det kommunale næringsfondet er å styrke kommunen sin mogleighet til å bidra til lokal næringsutvikling og er spesielt retta mot nyetableringar. Styret for næringsfondssaker utgjer styret for Askvoll kommune sitt næringsfond. Styret er personidentisk med medlemmene i Komité for næring, miljø og teknikk med delegert fullmakt til å handsame og vedta alle typar søknadar om tilskot. Det vart halde 5 møter i styre for næringsfondsaker i 2022.

Ramma for næringsfondet var 400 000 kr og det vart til saman løyvd 306 660 kr i tilskot til fire bedrifter. Av desse var det løyvd tilskot til to nye etableringar. I tillegg vart det to søknadar som fekk avslag på søknad om støtte.

Type tilskot	Søkjar	Løyvd
Investeringstilskot til nyetablering	Anniken Gjørøy	40 800
Investeringstilskot og utviklingstilskot til nyetablering	Havtech AS	150 000
Investeringstilskot	Lykkesmia	13 923
Investeringstilskot/arrangementstøtte	Askvoll Næringsutvikling	81 750
<b>SUM</b>	<b>306 660</b>	

*Løyvingar frå det kommunale næringsfondet 2022.*



## Kommunal tilskotsordning til nærings- og infrastrukturretta tiltak

Gjennom tilskotsordninga nærings- og infrastrukturretta tiltak (teneste 32500) kan kommunen løyve tilskot til næringsretta tiltak som ikkje blir finansiert gjennom det ordinære kommunale næringsfondet. Ordninga blir finansiert av 30 % av inntektene frå eigedomsskatten og ved bruk av konsesjonsavgiftsfondet. Storleiken vert fastsett av kommunestyret gjennom budsjettvedtak. Ein del av midlane er søkbare, medan ein del er bundne opp. Til saman vart fire søknadar om tilskot handsama i kommunestyret. Under er ei oversikt over alle næringsrelaterte kostnader som kan knytast til teneste 32500 i 2022.

Prosjekt		2022
WiFi4EU	8 WiFi soner	178 800
Kommunale servicepunkt	Joker Kvammen og Joker Atløy	100 000
Visit Fjordkysten og Sunnfjord	Medlemsavtale	298 500
Fjordkystparken regional- og geopark	Medlemsavtale	226 000
Fjordane Friluftsråd	Medlemsavtale - M.a. drift av skjærgårdsteneste	111 000
Olsetvikane næringsområde	Opparbeiding og utviding av næringsareal	500 500
Nikøy næringsområde	Nytt industriområde på Nikøy	448 935
Visit Askvoll (ANU)	Tilskot til drift av digital turistinformasjon	100 000
MS Stangfjord	Veteranbåtlaget MS Stangfjord	50 000
Arb. gruppa for Atløysambandet	Atløy Vel	50 000
Oppstart av Askvoll Røde Kors Hjelpekorps	Hjelpekorpsset	100 000
Tilskot til innspeling av album		10 000
Kommunalt næringsfond		303 660
Løn næringskonsulent		408 031
<b>Sum</b>		<b>2 885 426</b>

## Nokre hendingar i 2022:

- Revisjon av samfunnsdelen av kommeplanen heldt fram gjennom heile 2022. Samfunnsdelen er saman med arealdelen kommunen sitt overordna styringsverktøy og seier korleis vi vil utvikle kommunen, kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida og kva vi må gjere for å kome dit. Kommunen sjølv er ein viktig aktør i samfunnsutviklinga. Vi tar vare på og yter tenester til innbyggjarar med ulike behov, og legg til rette for vekst og utvikling av næringslivet gjennom planlegging og utbygging. Oppstart for revisjon av arealdelen av kommuneplanen er planlagt etter at samfunnsdelen er klar for vedtak.
- Næringsarealet i Olsetvikane har blitt utvikla vidare og i løpet av året vart det opparbeidd store nye areal for industrietableringar.

- Arbeidet med næringsområdet på Nikøy heldt fram i 2022. Her har ein brukt overskotsmassar frå sprengingsarbeidet frå Balandet Miljøfisk si etablering av landbasert oppdrettsanlegg i Engelvågen på Gjørøya og frå Kystverket sine utmudringsmassar i farleia aust for Nikøy. Massar blir brukt til å oppnå tilstrekkeleg høgde på fyllinga slik at det blir lagt til rette for eit nytt areal til næringsføremål.
- Kommunen samarbeida vidare med næringsorganisasjonen Askvoll Næringsutvikling. ANU har som mål å styrke verdiskapinga og sysselsetjinga i kommunen, og ønskjer å utvikle eksisterande verksemder og medverke til etablering av nye arbeidsplassar. ANU driv også den digitale turistinformasjonen Visit Askvoll.
- Askvoll kommune fornya si deltaking i destinasjonsselskapet Visit Fjordkysten med tre nye år. Gjennom det årlege tilskotet frå kommunen marknadsfører Visit FjordKysten ulike attraksjonar, kulturopplevingar og aktivitetar. I tillegg driv Visit Fjordkysten med koordinerande produktutvikling for å få fleire besökande og auke inntektsgrunnlaget for reiselivsverksemdene i kommunen.

Kommunen er medlem i Fjordkysten regional- og geopark. Parken har fått ei flott heimeside og har no nær 50 partnarar. I november 2021 vart parken godkjent som ein Norsk Geopark og Noregs første kombinerte regional- og geopark. Neste steg er å få UNESCO-stempelen på plass.

## 4 Folkehelse

Askvoll kommune skal være ein god og trygg stad for alle fasar av livet og i alle livssituasjonar. Satsingsområda for folkehelsearbeidet er gode bu- og nærmiljø, eit helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule, trivselsfremjande fritid og eit helsefremjande arbeidsliv. Samtidig er det viktig at målsettingar for folkehelse vert implementert i planarbeidet.

Folkehelseinstituttet sin årlege folkehelseprofil syner at Askvoll kommune kjem bra ut på dei fleste indikatorar for folkehelse. Datamaterialet syner at det er gode oppvekst- og levekårstilhøve i kommunen. Få barn og unge veks opp i familiar med låg inntekt, bur trongt eller er barn av einslege forsørgjarar. Askvoll er ein kommune med relativt små økonomiske skilnader i befolkninga. Dette er eit viktig fortrinn, og er ei hovudmålsetting i folkehelsearbeidet.

Helsetilstanden er i hovudsak god. Forventa levealder er høg og dei fleste av innbyggjarane er nøgde med helsa si. Askvoll har relativt få personar som slit med psykiske symptom- og lidingar og muskel- og skjelettlidingar. Vidare kjem Askvoll signifikan betre ut for psykiske symptom og lidingar enn landsnivået (brukerar av primærhelsetenesta 0-74 år), men samtidig syner tidstrenden i Ungdata-undersøkinga frå 2021 at fleire ungdomskulelevar slit med ulike former for psykiske helseutfordringar.

---

Tala viser at jenter er langt meir utsett enn gutter, men også ein del gutter er utsett, særleg mot slutten av vidaregåande. Plagene er vanlege og høyrer for mange naturleg til i den vanskelege livsfasen som ungdomstida kan vere. Det er berre eit mindretal som er veldig mykje plaga, og for dei aller fleste vil plagene vere forgåande. Samtidig kan plagene vere utfordrande nok for dei som blir råka og bidra til redusert livskvalitet, og for somme vil plagene vere starten på meir langvarige psykisk helseutfordringar.

## ***Dei viktigaste folkehelseutfordringane i Askvoll***

### **Utfordringar i befolkningssamsetnaden**

- Ei aldrande befolkning kan gje auke i kroniske og aldersrelaterte sjukdommar (m.a. demens og kreft) og fleire pleietrengande innbyggjarar. Det er utfordrande å imøtekomme behova, s
- Negativ folketalsframskriving. Nedgang i tal personar i produktiv alder og færre yrkesaktive per pensjonist kan gje redusert tilgang til arbeidskraft og mindre kommunale inntekter.
- Både arbeidsinnvandring og mottak av flyktningar er viktig for innbyggjartalet og høg sysselsetting. Auka innvandring kan gje både ressursar og utfordringar for lokalmiljøet.

### **Dei sosiale skilnadane i helse aukar**

- Kommunen har signifikant færre innbyggjarar frå hushald med låg inntekt samanlikna med snitt for landet (8,4 % mot 10,2 %). Men den økonomiske ulikskapen blant befolkninga veks, og det er blitt fleire innbyggjarar som kjem frå hushald med låg inntekt enn tidlegare, også i Askvoll.
- Ein av fem unge i dag fullfører ikkje vidaregåande skule innan 5 år. Det er fleire no enn tidlegare som ikkje fullfører VGS og høgare utdanning og fråfall ut av VGS har auka.

### **Psykisk helse og livskvalitet**

- I løpet av eitt år vil om lag ein av fem vaksne oppfylle kriteria for ei psykisk liding og rundt 5 prosent av barn og ungdom (0-17 år) blir kvart år behandla i psykisk helsevern for barn og unge (BUP).
- Psykiske lidinger og rusmiddellidinger opptrer ofte samtidig. Halvparten med psykiske lidinger har mist to psykiske lidinger og mange er ikkje i kontakt med helsetenesta.
- Grunnlaget for den vaksne befolkninga si psykiske helse og livskvalitet blir lagt i barne- og ungdomsåra. Like sentralt som det er å redusere risikofaktorar for psykiske utfordringar er det å bygge opp beskyttande faktorar som tilhøyrslle, tryggleik, tilgjengeleight og meistring.
- Livskvalitet handlar om det som gjev livet meaning og verdi og sentralt i arbeidet er å fremje føresetnader for sosial deltaking, medverknad, oppleving av meaning og positive relasjonar.

## Fysisk aktivitet, overvekt og røyking.

- Det er generelt for få i befolkninga som føl anbefalingane for fysisk aktivitet, og det aukar risiko for ei rekkje sjukdomar relatert til livsstil.
- Om lag 1 av 6 barn og 1 av 4 unge og vaksne utviklar overvekt eller fedme, noko som gjev auka risiko for mange sjukdomar og psykiske helsekonsekvensar.
- Folkehelseundersøkinga i Sogn og Fjordane syner også at det er mange i HAFS regionen som framleis røykjer.

## Nokre hendingar i 2022:


- Smittevernstiltaka under korona-pandemien vart oppheva i februar 2022. Basert på målingar frå folkehelsekartlegginga i Vestland fylke i 2022 kan det samla sett sjå ut til at den psykiske helsa, einsemda og livskvaliteten blant vaksne i Vestland fylke forverra seg under dei første åra med pandemi. Unge skil seg ut med ei meir uttalt forverring under pandemien og mindre betring att til 2022-målinga i nivå av psykiske plager og delen som er einsame. I kva grad desse endringane skuldast pandemien, er uttrykk for ei meir generell trend, har samanheng med andre forhold i samfunnet eller skuldast metodologiske faktorar, veit vi ikkje sikkert.
- TiTur Dalsfjorden vart gjennomført for sjette gang i perioden mai til oktober 2022. 4 145 skreiv seg inn i bøkene og 1 831 sjekka inn på appen. Til saman fullførte 170 personar alle turane. TiTuren har utvikla seg til eit flott folkehelsetiltak, og frivillige gjer ein stor jobb med å merke og rydde nye stiar.
- Kommunen fekk tilskot frå Vestland fylkeskommune til kartlegging av



friluftslivets ferdsselsårer og til kartlegging av ro- og padleruter i kommunen. Begge prosjekta er planlagt gjennomført i 2023.

- Stolpejakten vart gjennomført for fyrste gang i samarbeid med Fjaler kommune. Det er eit gratis aktivitetstilbod som går ut på å finne stolpar som er plassert på ulike plassar i terrenget. Nokre stolpar er lette å finne, medan andre meir vanskeleg. Deltakarane orienterer seg ved å bruke Stolpejakten-appen eller via kart. Stolpejakten hadde 366 stolpejegerar og 5855 stolpebesøk og fleire barn og unge var med. Medarrangørar i 2022 var Kvammen IL i lag med Førdefjorden Vel, Fjelltrimgruppa i Atløy IL, Trimgruppa i AHIL, Holmedal Velforeining, Rivedal Grendalag og Straumsnes grendelag.
- BUA Askvoll hadde sitt fyrste heile driftsår i 2022 og talet på utlån har vore stadig aukande. Gjennom BUA kan alle låne gratis utstyr til sport og friluftsliv. Hovudmålgruppa er barn og unge som får mogelegheit til å prøve mange ulike aktivitetar og vere meir fysisk aktive. Sentralen er open ein til to dagar i veka og vert drive av frivilligsentralen i Askvoll.

# 5 Organisering



Askvoll kommune er organisert som ein trenivåkommune innan oppvekst og helse og omsorg, der kommunalsjefane styrer kvar sin etat. Andre einingar samt sentraladministrasjonen er organisert rett under kommunedirektøren, slik at organiseringa er ein hybrid mellom tonivå og trenivå.

## 6 Sentraladministrasjonen

### 6.1.1 *Stillingsoversyn*

Sentraladministrasjonen har 11 tilsette og 10,65 årsverk

### 6.1.2 *Beskriving av tenesta*

Kommunedirektøren er tenesteleiar for sentraladministrasjonen.

Sentraladministrasjonen sitt arbeidsområde har i hovudsak fire målgrupper:

**Politisk styring** - sekretærfunksjon og sakshandsaming for kommunestyre, formannskap, administrasjonsutval og ungdomsråd. Gjennomføring av kommune/stortingsval

**Fellesfunksjonar** i høve den kommunale drifta

- økonomi og personalforvaltning

- 
- arkiv
  - innkjøp
  - ikt
  - heimesida/intranett/kommunen sin profil i sosiale media
  - beredskap
  - prosjektoppfølging
  - folkehelsearbeid

**Publikumsretta sakshandsaming** t.d. sal/skjenkeløyve, idrettsplan, tilskotsordningar, prosjektoppfølging, næringsretta tiltak og oppfølging av velforeiningane

**Flyktningar** Busetting og oppfølging av flyktningar

### **6.1.3 Viktige hendingar**

#### **Innføring av Framsikt**

Askvoll kommune tok i bruk Framsikt for årsbudsjett og økonomiplan, dette vert og innført som rapporterings- og oppfølgingssystem. Denne årsrapporten vert den siste som vert laga i dette formatet. Ut frå andre sine erfaringar og kva vi ser systemet kan nyttast til håper vi at det vil gje oss betre samanheng mellom økonomiplan og årsbudsjett, mellom økonomiplan og kommuneplanen sin samfunnsdel og andre planar. Det gjer oss og moglegheit til å presentere årsbudsjett og planar på ein betre måte for innbyggjarane.

#### **Busetting av flyktningar**

Askvoll kommune fekk i november 2021 anmodning om å busette 12 flyktningar i 2022. På grunn av krigen i Ukraina blei anmodninga auka til 65. Resultatet ved utgangen av 2022 var at Askvoll kommune hadde busett 49 flyktningar. Av desse var 4 frå Eritrea og 45 frå Ukraina. Det er fleire grunnar til at kommunen ikkje klarte å busette 65. Nokre personar ville ikkje reise frå mottak tett opp mot jul, nokre tildelingar måtte vi takke nei til grunna helseutfordringar som trengte nærliek til sjukehus, og nokre tildelingar kom så seint på året at det ikkje var mogleg å gjennomføre. Kommunen har busett flyktningar i Askvoll sentrum, Vårdal, Holmedal, Rivedal, Stongfjorden og Atløy. Å busette så mange på kort tid, og over eit stort geografisk område, har vore utfordrande for fleire etatar i kommunen. Det har vore spesielt utfordrande med å skaffe nok kvalifisert personale. Dette har ført til at kommunen, blant anna, ikkje har kunna gitt eit heiltidstilbod i integreringsprogrammet. Det er òg obligatoriske element som ikkje har blitt gjennomført, grunna mangel på personell og kompetanse.

Trass alle utfordringane er det Flyktningtenesta si oppfatning at ein har tatt imot eit stort tal menneskjer, på kort tid, på ein tilfredsstillande måte. Dei fleste at flyktningane som har kome har vore godt nøgde med tilboden og mottakinga dei har fått i kommune. Ser ein framover mot 2023 og 2024 vil det vere viktig å auke kvaliteten på tilboden i integreringsprogrammet, og ha ressursar nok til å kvalifisere flyktningane til ordinært arbeid eller utdanning.

#### **Tildeling av midlar**

- Askvoll ungdomsråd hadde kr. 15.000 til utdeling til lokale ungdomsarrangement.

I 2022 kom det ikkje inn nokon søknadar og det vart ikkje delt ut nokon tilskot frå AUR.

- LTU-midlar. Askvoll kommune fekk tildelt kr. 100.000 etter søknad i mars 2022. Desse er bruk til:



- taxibåt i Værlandet for fotballspelarar til trening i Askvoll. Tiltaket har ført til auke deltaking frå Værlandet og Bulandet. Ordninga vert finansiert av AHIL, lokale sponsorar og LTU-midlar.
- lokale rusfri ungdomsarrangement, russeaarrangement, skuleball, konfirmasjonssamling og liknande.

Vi har brukt om lag 54.000 av tildelte midlar i 2022. I tillegg hadde vi noko på fond frå 2021. Kjekt å ha pengar til slike tiltak - det skapar auka aktivitet i bygdene.

- Driftstilskot til foreiningar. Det vert lyst ut tilskotsordning på hausten til aktivitet i ungdomsklubbane. Vi har to aktive ungdomsklubbar som får tildeling ut ifrå tal arrangement og deltakarar. I år vart fordelinga kr. 24.000 til Askvoll ungdomsklubb og kr. 10 000 til Taren ungdomsklubb i Værlandet / Bulandet.
- Driftstilskot til idrettslag / vellag til kystarvstiprosjektet. Avtale om kr. 1000 pr sti t.o.m. 2025.
- Kulturminnemidlar - løyvd kr. 60.000 til Engelbua i Værlandet og kr. 15.000 til MS Stangfjord.
- Driftstilskot til bygdemuseum - kr. 25.000 er fordelt på 4 bygdemuseum
- Kulturmidlar - kr. 60.000 er fordelt til kulturaktivitetar i kommunen. Døme på tiltak som har fått tilskot er: konsert i Askvoll og Holmedal, familiedans Atløy, Sundagskafé og jubileumsfest pensjonistlag.
- Driftstilskot til foreiningar - kr. 36.000. Velforeiningar får årleg støtte på kr. 6000. Kriteriet er at dei sender inn årsmelding og årsmøtereferat.

---

## **6.1.4 Utfordringar framover**

### **Framsikt**

Framsikt gjer oss store moglegheiter, men det er og eit system som krev ein del innsats for å få opp og gå

### **Flyktningar**

Vi skal busette minimum 30 flyktningar i 2023, noko som vil gjere at vi får minst 80 personar med flyktningebakgrunn i løpet av to år. Dette utfordrar kapasiteten i mange einingar

### **Sjukefråvær**

Til liks med resten av kommunen har sentraladministrasjonen høgt sjukefråvær

### **Kapasitet**

Askvoll kommune bruker mindre på administrasjon samanlikna med andre kommunar, noko som utfordrar kapasiteten til å gjennomføre alle oppgåvene. Vi har og hatt skifte i ein del stillingar, noko som gjer at opparbeidd kunnskap om kommunen og historia går tapt.

### **Folketal og folkesetnad**


Folketalet og folkesetnaden er den viktigaste utfordringa vi står framfor. Askvoll kommune har i dag ikkje dedikerte ressursar som arbeidar med dette.

# 7 Oppvekst

## 7.1 Stillingsoversyn


Eining		Tal tilsette	Tal årsverk	Årsverk pedagog
2001	Oppvekst - leiarar	10	9,80	
2002	Oppvekstkontor	3	2,20	
2100	Askvoll skule inkl. VO	51	44,08	
2110	Atløy skule	19	14,32	
2120	Bulandet skule	14	9,82	
2130	Gjelsvik skule	14	10,80	
2500	Musikk- og kulturskulen	3	1,73	
2710	Røverompa barnehage	17	14,57	
2720	Nipa barnehage	8	5,80	
2730	Gjelsvik barnehage	7	4,53	
2740	Holmedal barnehage	11	7,65	
2760	Bulandet barnehage	8	4,69	
2800	Askvoll bibliotek	2	1,05	
<b>TOTALT</b>	<b>Oppvekstetaten</b>	<b>165</b>	<b>131,03</b>	<b>81,3</b>

Total stillingsstørrelse i virksomheten




Gjennomsnitt

Alders- og kjønnsfordelt



Gjennomsnitt

År som ansatt i virksomheten



Gjennomsnitt


## 7.2 Sjukefråvær

Eining	Moglege dagsverk	Sjukefråvær	Levert e dagsverk	Sjukefråvær %
Total - SKULE	19 091	1 369	17 722	7,2 %
Total - BARNEHAGE	8 939	1 305	7 634	14,6 %
Total - ALLE	31814	3043	28771	9,6 %

Totalt

I valgt periode: 9,56%

I år og i fjor - inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Total fraværskostnad

2 834 539

Gjennomsnitt per måned

236 212

### Detaljer

	Total	I arbeidsgiverperioden	Utenfor arbeidsgiverperioden
Lønn i fravær	5 199 423	1 089 971	4 109 452
+ Pensjon i fravær	677 223	132 713	544 510
+ Feriepenger i fravær	0	0	0
+ Arbeidsgiveravgift i fravær	0	0	0
- Refusjoner	-3 042 106	-149 992	-2 892 115
- Redusert arbeidsgiveravgift	0	0	0
- Refunderte feriepenger	0	0	0
= Fraværskostnad	2 834 539	1 072 692	1 761 847

I rapporten er ikkje sjukefråvær for einskild-einingar presentert, men samla for heile etaten og for dei to største tenesteområda, skule og barnehage. Som tabell og diagram ovanfor syner har vi samla for heile etaten i 2022 eit sjukefråvær på om lag 9,6%. Dette er om lag som året før - berre ein liten nedgang på knapt 0,2%.

Sjukefråværet i barnehagane har gått ned frå 18,3 til 14,6%, medan skulane har hatt ein liten oppgang, frå 6,5% til 7,2%. Det er likevel stor variasjon mellom einingane, og samla ligg vi framleis godt over kommunen sitt mål om ikkje meir enn 6% sjukefråvær.

Netto fraværskostnader i høve sjukefråværet er som tabellen ovanfor syner på om lag 2,8 millionar kroner, og då er sjukelønsrefusjon på vel 3 millionar trekt i frå.

Sjukefråværet representerer difor ein stor kostnad per år, men vert først og fremst opplevd som ein svært krevjande situasjon, både for arbeidstakarar og ikkje minst for einingsleiarane. Dei står ansvarleg for både å fylgje opp dei som er sjukmelde, tilrettelegge for dei som står i fare for å bli det, og samstundes halde tenestene i gang. Når det i tillegg er svært vanskeleg å rekruttere inn vikarar, kan vi kome i situasjonar der det vert vanskeleg å halde tenesta i gang, eller gje eit godt nok tilbod til dei som treng ekstra tilrettelegging.

## 7.3 Beskriving av tenesta

### 7.3.1 Barnehage

Eining	Tal barn	3-5 år	1-2 år
Røverompa	58	38	20
Nipa	16	11	5
Gjelsvik	16	11	5
Bulandet	14	11	3
Holmedal	31	23	8
<b>Totalt</b>	<b>135</b>	<b>94</b>	<b>41</b>

Det var 135 barn i barnehagane våre per 15.12.22 mot 132 på same tid i 2021. Både tal tilsette (51) og tal årsverk (37,2) er på om lag same nivå som året før, og det har berre vore mindre endring i barnetalet i dei ulike barnehagane.

### 7.3.2 Grunnskule

Eining	Tal elevar	1-4	5-7	8-10
Askvoll	194	66	39	89
+ VO	13	Grunnskule for vaksne		
Atløy	44	27	17	
Gjelsvik	49	17	20	12
Bulandet	32	9	12	11
<b>Totalt</b>	<b>319+13</b>	<b>119</b>	<b>88</b>	<b>112</b>

Samla elevtal har auka frå 312 per oktober 2021 til 319 på same tid i 2022. Elevtalet har auka med 10 på Askvoll skule og 6 på Bulandet. Gjelsvik har 1 elev mindre, medan nedgangen er størst på Atløy med 8 elevar i minus. Tal elevar på grunnskuleopplæring for vaksne ved Askvoll skule er uforandra frå året før, men frå sommar/haust 2022 sette ein i tillegg i gang med eiga norskopplæring for flyktningane frå Ukraina. Dette vart gjort i forståing med Fjaler som elles har denne delen av vaksenopplæring for begge kommunane.

### **7.3.3 Kulturskulen**

Tilbod	Elevpl.	Opplæring
Musikk	62	Askvoll, Atløy og Gjelsvik
Kunst	9	Askvoll
Teater	10	Stongfjorden, deler av året
Dans	24	Askvoll (Dans utan grenser)
Totalt	105	81 elevar utanom DUG

Aktiviteten i kulturskulen er på om lag same nivå som i 2021. I 2022 har halde fram eit godt samarbeidet

med Hellestad og Fjaler kulturskule, der vi både kjøper rektor-tenester og kjøper/sel undervisningstenester. I tillegg til aktiviteten som går fram av tabellen ovanfor sel også kulturskulen tenester til både våre eigne einingar innan oppvekst og omsorg samt til privatskulen i Holmedal.

### **7.3.4 Bibliotek**

	Tal
Bestand, i nye lokalar	2271
Bestand, i gamalt lokale (stengde)	26446
Besök 01.09-31.12, i nye lokale	1391

Det fysiske biblioteklokalet til Askvoll bibliotek har vore stengt over lengre tid, men frå 1. september vart det på ny etablert eit fysisk tilbod i mellombelse biblioteklokale i Bankbygget i Askvoll sentrum. Der held ein på å byggje opp ein ny bestand av bøker, og har opningstider om lag i same omfang som tidlegare.

## **7.4 Viktige hendingar**

### **7.4.1 Skule**

- Våren 2022 fullførte 9 lærarar vidareutdanning innan ulike fagområder, medan berre 2 nye starta hausten 2022 på vidareutdanning innanfor den statlege ordninga med «Kompetanse for kvalitet». Dette er det lågaste tal tilsette vi har hatt med i denne ordninga, men vi ser no at interessa aukar att.
- Frå 2020 starta vi ei opptrapping av tilgang til digitale verktøy for elevane, og frå skuleåret 2022-23 har vi no full 1:1-dekning på ungdomssteget. Tilgangen til digitale verktøy har også vorte langt betre på barnesteget i denne perioden

- Paragraf § 9 A-4 (om aktivitetsplikta for å sikre at elevane har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø) krev mykje dokumenteringsarbeid og mykje arbeid med ting som skjer sosialt både på skulen og i fritida til elevane. Lærarar og rektorar melder om mykje arbeid knytt til dette



- I samband med innføringa av nytt læreplanverk (ofte kalla Fagfornyinga) frå hausten 2020, fekk skulane høve til i ein 3-årsperiode å bruke 1,3 millionar frå disposisjonsfondet til innkjøp av inn nye læremiddel, både analoge og digitale, som er i samsvar med dei nye læreplanane. Dette ekstra innkjøpet vart fullført i 2022.
- Skulane har i løpet av 2022 gjennomført det sjølvmordsførebyggande kurset «Livet på timeplanen» og formidla kunnskap vidare til alle dei andre tilsette på skulane (27. januar 23). Dette er eitt av tiltaka i den sjølvmordsførebyggjande planen som vart vedteken i 2021.
- Våren 2022 var prega av mykje fråvær på grunn av pandemien. Avtalen om ekstra godtgjering for å gå inn som vikar var nok heilt naudsynt for å halde einingane (både skular og barnehagar) i drift sjølv om kostnadane vart store.
- Krigen i Ukraina har også påverka skule og vaksenopplæringa med nye elevar i dei fleste årstegna, og ei stor gruppe vaksne som får norskopplæring. Det har vore krevjande å få på plass både nok lærarar og undervisningsrom til å gjennomføre tilbodet til dei vaksne, og sommaren 2022 gjorde ein om det tidlegare IT-senteret og deler av bibliotek-lokalet til klasserom for denne gruppa.
- PPT har endra organisering og alle tilsette i tenesta vart i løpet av 2022 overført til Fjaler kommune.
- Elles held ein fram med å utvikle retteleiingsteama på alle skular i samarbeid med både PPT og skulehelsetenesta.

## **7.4.2 Barnehage**

- Vi har hatt eit år prega av eit stort korttidsfråvær og langtidsfråvær med meir forbruk av vikarar enn det vi hadde budsjettet. Mange av vikarane gjekk inn i ledige stillingar frå hausten av, noko som resulterte i mangel på vikarar. Syner elles til det som er skrive om sjukefråværet ovanfor.
- Hausten 2021 starta ein planlegging av ny barnehage i Askvoll sentrum. Ny reguleringsplan for Prestemarka vart vedteken i 2022, og saman med konsulentane hos iVest i Florø har kommune og barnehage utarbeidd eit godt prosjekt for ein ny samla barnehage i Prestemarka. Dessverre, og til stor skuffelse for mange, vart utbygginga utsett med minimum 2 år i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan for 2023-26
- Barnehagane vert stadig betre og meir aktiv på tverrfagleg samarbeid. Som ei oppfølging av Sjølvordsførebyggjande plan har alle barnehagane i 2022 samarbeidd med helsetenesta om tiltaket «Tidleg inn». Barnehagane er også involvert i arbeidet med plan for førebygging, jamfør kravet om slik plan i barnevernsreforma (ofte omtala som oppvekstreform).
- Vi held fram med å digitalisere både administrative og faglege verktøy i barnehagen, og sjølv om vi har ein veg å gå der, tek situasjonen til å bli betre både i høve utstyr og infrastruktur.
- Nipa barnehage har eit utviklingsprosjekt som får støtte frå dei statlege ordningane med regionale kompetansemidlar (REKOM) og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Her skal barnehagen samarbeide med Høgskulen på Vestlandet for å utvikle praksis og rutinar knytt til tema *Relasjonar*
- Vi held fram arbeidet med å forbetre uteområda kring barnehagane, men arbeidet tek lengre tid enn forventa, både grunna nye utfordringar ein møter (t.d. i høve drenering) og mangel på folk til å utføre arbeidet

## **7.4.3 Kulturskule**

- I 2022 har ein hatt kulturskuletilbod på fire ulike stader i kommunen (Atløy, Askvoll, Stongfjorden og Gjelsvik/Kvammen), og sjølv med tilbod litt færre plassar ein kan framleis seie å ha eit desentralisert tilbod.
- Det har også i 2022 vore eit tett samarbeid mellom Askvoll og Hyllestad og Fjaler kulturskule, både i høve leiing og på personalsida, m.a. med felles personalmøte.
- Ein held fram samarbeidet med lokale kulturarbeidar for å oppretthalde og utvikle tilbodet innan teater.

## **7.4.4 Bibliotek**

- Prosjektet *Folkebibliotek som tekstarena i grunnskulen - formidlingsopplegg* på 3 av skulane i Askvoll kommune, støtta med kr. 75.000,- av Nasjonalbiblioteket.

- *LeserSørvis for barn* - har vore med i ressursgruppe som kom med innspel til utarbeiding av handboka *LeserSørvis for barn*. Handboka er utgitt av prosjektet *Formidlingskompetanse i folkebibliotek*, er støtta av Nasjonalbiblioteket og vart lansert i desember 2022.
- Utarbeiding av ny nettside ([askvollbibliotek.no](http://askvollbibliotek.no)) - lansert i november 2022.
- Etablere mellombels biblioteklokale i *Bankbygget*, Askvoll sentrum.
- Vidareutvikle/supplere boksamlinga på Askvoll bibliotek

## 7.5 Utfordringar framover

### 7.5.1 Skule

- Inkluderande skolemiljø - det er alltid like aktuelt å jobbe for at kvar enkelt elev skal kjenne seg trygg på skulen. Det skjer mykje utanom skulen som pregar elevane når dei er på skulen, som t.d. heimeforhold, sosiale media og liknande. Nært samarbeid med heimen er heilt avgjerande for å skape tillit og trygge rammer. Dette krev meir og meir av lærarane og er særdeles tungt når ein ikkje får det heilt til.
- Spesialundervisning - fleire og fleire elevar som treng store og omfattande hjelpetiltak og «eigne» vaksne. Korleis skape ein skule der det er rom for alle og der ein greier å tilpasse undervisninga i gruppene som dei høyrer til
- Utvikle rettleiarteama vidare - at skulane skal ta meir og meir over testing av elevar som PPT har gjort tidlegare er både spennande og utfordrande. Tidmessig tar det mykje ressursar og vi må ha lærarar som ønskjer å jobbe med dette.
- Pedagogiske program - høge lisenskostnadar, skulane blir på eit vis tvungne til å kjøpe digitale lisensar i tillegg til bøkene.
- Grunnskule for vaksne - korleis motivere elevane til å møte på skulen og aktivt gå inn for opplæringa
- Vaksenopplæringa - Det er usikkert kor mange elevar og grupper vi har til ei kvar tid. Dette gjer det utfordrande med tanke på nok lokale og ressursar.
- Symjegarderobane ved Askvoll skule treng sårt å verte rehabilitert. Kva ynskjer ein å bruke bygningsmassen der biblioteket har vore til? Skal ein renovere/ bygge nytt?
- Generelt vedlikehald av bygga - opplever at vi ikkje har tilstrekkeleg med vaktmeisterressurs. Bygga forfell raskt når feil ikkje vert reparert med det same.
- Mange fråvær knytt til møter som tilsette må på knytt til verv og samarbeid med andre etatar, som føre til auka vikarbehov
- Kompetanseløftet og andre kommunale og nasjonale satsingar har auka tal oppgåver som skulen skal gjere, men det fylgjer ikkje ekstra midlar med. Difor må ein bruke av tida tiltenkt undervisning, då ein må hente ressursane

---

frå ein stad. Det er viktig å sikre at det kjem midlar med ekstra oppgåver som skulen skal utføre.

- Oppfølging av sjukmelde og førebygging av sjukmeldingar: Sjølv om ein opplever at dialogen er god, har ein ikkje alltid same syn på kva som kan lette arbeidet. Her må oftast arbeidstakaren sine meiningar vege tungt då opplevinga av tilrettelegging ofte er subjektiv. Å finne balansen mellom tilrettelegging for den enkelte, utan at belastninga på andre tilsette blir for stor, samt at tilbodet til elevane blir därlegare, er ei utfordring.



## **7.5.2 Barnehage**

- Barnehagane sitt høge sjukefråvær og lite tilgang på stabile vikarar mange stader gjer både det pedagogiske arbeidet og drift uforutsigbar og vanskeleg. Ofte må ein tenkje nytt og kreativt rundt organisering av det spesialpedagogiske tilbodet der IOP-ar ikkje alltid lar seg gjennomføre grunna mangel på både folk og kompetanse.
- Vidareføring, implementering og utvikling av digital praksis i barnehagen
- Korleis organisere barnehagedrifta i Askvoll sentrum etter at utbygging av ny barnehage er utsett. Ei arbeidsgruppe, med god representasjon frå dei tilsette, var i 2022 med å planlegge ny barnehage. Det var ein fin prosess som samla dei tilsette og forelda om ein felles framtid. Då kommunestyret i desember 2022 vedtok at ein på grunn av den økonomiske situasjonen ikkje kunne gjennomføre det som var planlagt og prosjektert før tidlegast i 2025, vart dette svært därleg motteke av både foreldre og dei tilsette, og ein mista mykje av den gode motivasjon.
- Vidareføring av utbetring på uteområda. Sjølv om ein fått gjort ein del med dette dei siste åra er det framleis mykje som er ugjort
- Ein ser ein tendens til stadig meir individfokusering i samfunnet og foreldregruppa og fleire barn strevar med sjølvregulering i møte med andre både barn og vaksne. Barnehagen kan ha ein viktig funksjon i rolla som støttespelarar og rettleiarar i møte med foreldre, men det krev og at det vert sett av tid til dette arbeidet.
- Barnehagane jobbar kontinuerleg med å knytte til seg fleire tilkallingsvikarar både gjennom NAV, stillingsutlysing på kommunens heimesider og jungeltelegrafen. Ved sidan av dette jobbar dei med tilrettelegging på arbeidsplassen slik at tilsette med helseutfordringar ikkje går ut i full sjukemelding. Framover skal heile kommunen innføre «Modell for nærværarbeid i Askvoll kommune» der ein vil nytte materiell frå KLP for å identifisere nærversfaktorar og utfordringar knytt arbeidet på dei ulike avdelingane.

## **7.5.3 Kulturskule**

- Avklare om ein skal slå kulturskuledrifta saman med Hyllestad og Fjaler kulturskule, eller stå åleine som ei sjølvstendig eining.
- Rekrutteringstiltak for å auke elevtal til 23/24
- Utfordring kring kva vi skal gjere med Dans utan Grenser.
- Korleis etablere eit kulturskuletilbod i Bulandet
- Jobbar med å få til kunstgruppe på Bulandet og Gjelsvik neste skuleår

---

## **7.5.4 Bibliotek**

- Avklare framtidig lokalisering av bibliotektilbodet når den mellombelse avtala om plassering i Bankbygget er over, og avgjere kva ein skal gjere med boksamlinga som står i eksisterande lokale ved Askvoll skule.
- Halde fram arbeidet med å byggje opp ein ny bokstamme. Ein kommune av vår storleik, og med berre eitt lokale, bør ha ei bokstamme på minimum 9.000 eksemplar (samlinga skal vere allsidig og aktuell).
- Etablere eit systemisk og systematisk samarbeid mellom Askvoll bibliotek og skulane/skulebiblioteka i kommunen.
- Etablere Bibliotek i butikk att i Kvammen, Bulandet og eventuelt på Atløy. Dette fordrar at ein har tilgjengeleg ei større boksamling på Askvoll bibliotek enn tilfellet er i dag.
- Etablere samarbeid med flyktningetenesta kring bruk av bibliotekvesenet sine tenester.
- Utvida opningsdag (4 dagar per veke + ordinær opningstid i juli)
- Budsjett 2023 tilseier at biblioteket kan ha ambisjonar om å bygge ut bokstamma med ca. 1000 eksemplar, avvikle 4 - 6 arrangement i biblioteklokalet, og ha same opningstid som i 2022. Med (berre) ein tilsett er det vanskeleg å sjå korleis ein skal kunne finne tid til aktiv formidling (digitalt og fysisk) ut over formidlinga som skjer på biblioteket i opningstida

# 8 Helse og omsorg

## 8.1 Stillingsoversyn

Oversikt over stillingane (tal årsverk og tal tilsette)

Ansvar			Årsverk		Tal tilsette
400	Administrasjon				
410	Helse		15,33	Inkl Legeteneste, helsetasjon, fysioterapi og rus og psykisk helseteneste	22
420	Heimeteneste		23,63	inkluderer ergoterapeut, kreftkoordinator, vaktmeister og seksjonsleiar	39
430	Bu og miljø		20,25	Inkluderer sosialkonsulent og seksjonsleiar (5,16 vakante stillingar)	21
440	Smia/Fløyen		17,45	Inkludert ass seksjonsleiar (50%)	23
450	Solstova/Rask		14,33	Inkludert ass seksjonsleiar (50%)	16
460	Kårstova		14,16	Inkludert ass seksjonsleiar (50%)	22
470	Askvoll omsorgssenter	Reinhald og vaskeri	4,63		7
		Kjøkken	4,5		6
		Nattevakter	8,2		
		Aktivitør	1		1

## 8.2 Sjukefråvær

Samla for etaten	10,1%
Bufellesskap	12,1%
Helsesøster og jordmortenesta	13%
Legesenter	15%
Heimeteneste	10,7%
Avlastning	9%
Sjukeheimen institusjon	7,4%

Sjukefråværet er henta ut av NAV.no sin statistikk.

### 8.2.1 Tiltak i samband med sjukefråværet.

- Oppfølging av den enkelte sjukemelde og dialogmøte
- Tilrettelegging: Heimetenesta og bu og miljø kan tilrettelegge ved å tildele brukarar med mindre tunge løft og pleie. I heimetenesta er det også lettare å få variasjon i arbeidet. Innan helse vil tilrettelegging seiia at vi må endra rutinar for å variere arbeidsdagen. Nokre tilsette ved reinhald og vaskeri varierer mellom dei to arbeidsstadane. På sjukeheimen er fordeling av arbeidsoppgåver og pasientar som kan gjerast. Utfordringa i tilrettelegging er å unngå auka belastning på dei andre medarbeidarane.
- «Nærværsprosjektet»: Etaten har vore representert i «Nærværsprosjektet» for å betre oppfølging av tilsette som står i fare for sjukefråvær og tilsette som er sjukemelde, dette prosjektet vert introdusert og initiert i heile kommunen frå våren 2023.
- Ekspertbistand: Sjukeheimen og Legekontoret har delteke i eit prosjekt med ekspertbistand frå NAV, der Avonova (bedriftshelsetenesta) vart nytta for i kartlegging med 11 tilsette.
- Omplassering: Tilsette med langvarig sjukefråvær har fått prøve ut ulike arbeidsstadar og dei fleste seksjonane har tilsette som har blitt omplasserte etter eige ynskje på grunn av behov for endra arbeidsbelastning. Utfordring av omplassering pga. redusert arbeidsevne fører til fleire små stillingar som er eit utfordring for kontinuitet i tenestene.
- Nærleiing på sjukeheimen har gitt betre oppfølging av sjukemelde. Men etaten har framleis periodar med høgt sjukefråvær.

## 8.3 Beskriving av tenesta

Ansvar		teneste	Pasient/ brukarar	Liggedøgn
410	Helse			
		Jordmor	19 fødslar	
420	Heimeteneste	Helsehjelp	187 pasientar	
			70-75 medisindosettar	
		Praktisk bistand	70 brukarar	
		Tryggleiksalarm	55	
		Kreftkoordinator	20 pasientar 15 pårørande	
		Hjelpe midlar	381 brukarar	
			844 hjelpe midlar	
430	Bu og miljø	Markatunet	6 bebuarar	
		Aktivitetssenteret	3 brukarar	
		BPA	2 brukarar	
		Prosjekt med enkelt brukarar	4 brukarar	Nokre av desse får tenester frå Heimetenesta
		Omsorgstønad	9 omsorgspersonar	
		Dagaktivitets- tilbod	8 utanfor aktivitetssenteret	
		Helsehjelp	6	
		Vedtak praktisk bistand	3	
		Vedtak praktisk bistand opplæring	4	
		Støttekontakt	55	
		Avlastning	4	
		Koordinator	17 barn	
			11 vaksne	
		Individuell plan	28	
440	Smia/Fløyen/		15	Korttid 1109 Langtid 2732 Buf: 670
	Omsorg 1		9	Korttidsopp hold oms. Bustad 1392
450	Solstova/Rask		16	Buf: 4222 Langtid: 1478
460	Kårstova		17	Langtid: 5780 Dagtilbod: 1529 Avlastn dagtid: 365

### **8.3.1 400 Administrasjon**

Administrasjonen har ansvar for vederlagsbereking for langtidsplassar, praktisk bistand, husleige og tryggleiksalarmer. Personalmeldingar og lønsførebuing for tilsette i omsorgstenesta og systemansvarleg innan ulike IKT system. Helse og omsorg har ikkje tildelingseining eller tenestekontor. Mange av desse funksjonane ligg likevel til ansvar 400. Størstedelen av sakshandsaming og utsending av vedtak vert gjort av tilsette i administrasjonen, der kartlegging og vurdering vert gjort av sjukepleiarane i dei ulike seksjonane for inntaksmøtet gjer vedtak. Delegerete vedtak vert gjort av seksjonsleiarane og sosialkonsulent.

### **8.3.2 410 Helse**

**Helsestasjon, skulehelseteneste og Jordmorteneste:** Tenesta har ansvar for svangerskapsomsorg, helsestasjon for barn 0-5 år, skulehelseteneste, helsestasjon for ungdom, smittevern og oppfølging av flyktningar <16 år

**Miljøretta helsevern:** Tenesta vert kjøpt frå Kinn kommune

**Frivilligsentral:** Administrere middagskjøring, sekretær for råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, kommunal kontakt for serviceskyssen, administrerer den kulturelle spaserstokken, koordinerer og administrerer volontørtenesta i kommunen, deltek i BUA-prosjektet.

**Legeteneste:** Tenesta utfører allmennlegeoppgåver, smittevern, førebyggande helsearbeid, reisevaksinering og koronavaksinering, oppfølging av flyktningar >16 år. Under legetenesta ligg også prosjektet «Læring og meistring», ei gruppe sett saman av diabetessjukepleiar, fysioterapeut, folkehelsekoordinator og brukarrepresentant som arbeider for tilbod til enkelte pasientgrupper, men har også hatt tilbod som har gått ut til innbyggjarane generelt.

**Legevakt:** Legane deltek i interkommunal legevaktteneste - SYS-IKL

**Fysioterapi:** Utfører rehabilitering av pasientar ved sjukeheimen, organiserer tverrfaglege innkomstmøter, oppfølging av barn i barnehage og skule, utlån av hjelpemiddel: søknader, formidling, utprøving og opplæring, kartlegging/vurdering av heimen og bustadsaker. Fysioterapeutar har også gruppetreningar : seniortrim og turgruppe/lågterskelgruppe, kurativ behandling og ansvarsgrupper/IP- koordinator

**Rus og psykisk helseteneste:** Psykiatrisk sjukepleiar utfører rettleiing, støttesamtaler, oppfølging av medisinering til personar med psykiske lidinger. Tenesta tek i all hovudsak imot personar over 18 år. Ruskoordinator utfører rettleiing, støttesamtaler og oppfølging av personar som har problematisk bruk av rusmiddel.

### **8.3.3 420 Heimeteneste**

Heimetenesta er ei ambulant teneste i brukarar og pasientar sin heim, og består av helsehjelp (heimesjukepleie) og praktisk bistand. Dei store avstandane medfører mykje tid vert nytta i bil. På fastlandet vert det ytt helsehjelp 24/7. På øyane Bulandet / Værlandet og Atløy på dagtid 5 dagar i veka. Ca 55 av dei som har tryggleksalarm har den kopla opp mot heimetenesta, det betyr at heimetenesta rykker ut ved alarm.

Heimetenesta har oppfølging av personar i alle aldrar, med komplekse og kroniske sjukdommar, personar med akutte tilstandar, personar som treng sårbehandling, kreft, legemiddelassistert rehabilitering (LAR), demens, rusavhengigheit, psykisk helseproblem mm. Heimetenesta erfarer at behovet for helsehjelp i heimen er aukande og oppgåvne meir komplekse.

**Kreftkoordinator** har oppfølging av pasientar og pårørande, samarbeid med spesialisthelsetenesta og bidrar med internundervisning og opplæring av tilsette i omsorgstenesta.

**Ergoterapeut** kartlegg og vurderer brukarar sine behov for hjelpemidlar og tilpassing i heimen. Ho har også medverka i utvikling av rehabiliteringsplan og i direkte rehabiliteringsarbeid. Ergoterapeuten har også hatt ei viktig rolle i vurdering av velferdsteknologiske løysingar.

### **8.3.4 430 Bu og miljø**

Bu og miljøtenesta yter helsehjelp og praktisk bistand i kvarldagen: I bu- og miljøtenesta har ni brukarar med ulike funksjonsnedsettingar, 5 av desse bur i Markatunet. I Markatunet bur det også brukarar som ikkje får tenestene frå bu og miljøtenesta. Ei leilegheit står disponibel. Tre brukarar bur i eigen heim og har personell direkte knytt til heimen, i tillegg vil to brukarar som i dag får tenester frå heimetenesta få teneste frå bu og miljøtenesta i 2023. Rekruttering og bemanning har vore ei utfordring over tid. Tenesta er per i dag avhengig av vikarbyrå for å sikre forsvarleg drift.

**Dagaktivitetstilbod** blir gitt på Austli som er heilkommunalt. I tillegg kjøper kommunen dagaktivitetstilbod til 11 brukarar frå private: Inn på tunet, Vevang produksjon og Helt med.

**Sosialkonsulent** har ansvar for støttekontakt, avlastning og omsorgsløn, og er koordinator for fleire barn og unge vaksne med behov for helse- og omsorgstenester. Når det gjeld støttekontakt er 12 vedtak avslutta i 2022 og 7 nye er innvilga. Omkring 65% er eldre, og om lag 15% er barn/unge.

---

**Avlastning til barn/ unge vert gitt i avlastningsheim.** Mangel på egna avlastningsleilegheit gjer til at det er vanskeleg å tilby tilstrekkeleg mengde avlastning til barn og unge..

## 8.4 Sjukeheimen 440, 450, 460 og 470

**Smia/Fløyen/Omsorg 1:** Smia/Fløyen har 15 plassar fordelt på 14 rom. Av desse er 5 korttidsplassar og 9 er langtidsplassar og bufellesskap. Omsorg 1 består av 9 leilegheiter med heildøgns omsorg der fem av dei er primært for kortids- og rehabiliteringsplassar. Fire leilegheiter er langtidsleige. Korttidsplassane vert nytta til pasientar og brukarar som har behov for ein kortare perioden med høgare omsorgsnivå enn dei vi kan tilby i heimetenesta. Ofte er dette personar som kjem etter sjukehusopphald på grunn av brotskader, infeksjonar, hjarte- karlidingar, kreftbehandling mm.

Legevaktssatellitten var fysisk lagt til Smia/Fløyen. Sjukepleiarar frå både heimetenesta og sjukeheimen deltok. Denne var bemanna ettermiddag 15-22 og helgar frå 08-22. Legevaktssatellitten hadde jamne øvingar og fellesøving med Brann og redning. Sjukepleiar som bemanna legevaktssatellitten gjorde førefallande arbeid og bisto dei andre avdelingane med sjukepleieteneste. Legvaktssatellitten vart avslutta i desember 22.

**Solstova/Rask** har 16 plassar fordelt på bufellesskap og langtidsplassar.

**Kårstova:** 16 pasientar med langtidsopphald og 1 avlastningsplass. Avlastningsplassen har i hovudsak vore nytta til langtidsplass. Dagaktivitetstilbodet er ei lovpålagt teneste for heimebuande personar med demenssjukdom og har tilbod 5 dagar i veka.

## 8.5 Viktige hendingar

### 8.5.1 Helse

**Helsestasjon/skulehelseteneste:** Det har vore gjennomført småbarnstreff i samarbeid med fysioterapeut, tannpleier og lege. Fire foreldrepar har gjennomført forelderettleiingsprogrammet «Vær med meg». Det har vore redusert treffetid i skulehelsetenesta pga. personellmangel. Det har vore 462 journalførte konsultasjonar utover standard oppfølging. Arbeidet med flyktningar, å finne vaksinasjonsstatus og etterregistrere vaksiner, har vore tidkrevjande. Frå midten av august fekk helsestasjon tillagt 60 % stilling/engasjement til arbeidet med flyktningar. Jordmor, helsesjukepleiar og helsestasjonslege har deltatt på opplæringsprogrammet «Tidlig inn». Tre helsesjukepleiarar har deltatt i kompetanseprogrammet «Livet på timeplanen».

**DigiHelsestasjon:** Førebudd innføring av Dighelsestasjon som gjer at journalsystemet helsestasjonen nyttar seg av kommuniserer med HelseNorge slik at ein kan trygt

---

kommunisere med brukarane, og timeavtalane vert tilgjengeleg i HelseNorge. Leiande helsesjukepleiar og seksjonsleiar helse deltok i prosjektgruppa. Planlagt oppstart på nyåret 2023.

**Plan for førebygging:** Våren 2022 vart det oppretta ei lokal arbeidsgruppe og ei interkommunal arbeidsgruppe i HAFS som fekk i mandat å utarbeide Plan for førebygging. Dette på bakgrunn av den nye barnevernsreforma som tredde i kraft 1.1.2022. Reforma blir omtala som ei oppvekstreform då den skal bidra til å styrke arbeidet ute i kommunane med tidleg innsats og førebyggande arbeid. Leiande helsesjukepleiar har vore representert i den interkommunale gruppa frå Askvoll kommune, samt leia den lokale arbeidsgruppa. Tidkrevjande prosess i ei tid der fleire av representantane frå dei ulike tenestene i den interkommunale gruppa har vore fråverande pga. arbeidspress, sjukmeldingar og lite bemanning.

Det har i løpet av 2022 vore jobba med å styrke samarbeidet mellom helsestasjon og barnehage, samt skule og skulehelsetenesta. Leiande helsesjukepleiar har deltatt på fleire av oppvekst sine leiarsamlingar og det er laga eit eige årshjul og plan for skulehelsetenesta som er sendt ut til skulane før skulestart 2022. Dette skal kvalitetssikre at vi jobbar likt ved dei ulike skulane. Leiande helsesjukepleiar deltar i kommunen sitt tverrfaglege team.

**Jordmor:** Det har vore 19 fødslar i 2022. Det har vore eit aukande behov for ekstra kontakt med jordmor/henvisingar for samtale ved fødepoliklinikk etter førsel-barselopphald under koronanedstenging. Grunna rett til tidlig ultralyd i veke 12 har talet på tidlige konsultasjonar auka.

**Frivilligsentral:** Det har vore redusert aktivitet etter pandemien, men har fått starta opp att med seniornettgrupper i Askvoll/Fjaler. Namnendring til Askvoll frivilligsentral i desember 2022.

**Legeteneste:** Kommunen har ikkje lykkast å tilsette ny fastlege. Erstatninga har vore vikarlegar. Kontoret fekk auka stillingar for hjelpepersonell med 100 % stilling frå januar 2022.

**Læring- og meistringsgruppa** arrangerte Diabeteskurs i juni 2022 for pasientar med nyoppstått diabetes og pårørande. Det var 12 stykke som deltok på kurset.

**Fysioterapi:** Fysioterapeutane hadde mykje arbeid med hjelpe midlar då ergoterapeuten hadde permisjon i sju månadar. Fysioterapeutane har deltatt på fleire kurs innan hjelpe middelformidling. Elles har dei gjennomført diverse kurs som trinn 1 på bruk av nåler i smertebehandling, Mulligan-kurs og ParkinsonNet grunnkurs. Ein av fysioterapeutane fekk behandlingsrom/kontor på Askvoll omsorgssenter der ho kan drive 1-1 behandling og trening for mindre grupper. Treningsrommet vert også nytta

---

av pasientar når fysioterapeuten ikkje er til stades så anna personale ved sjukeheimen kan trene med pasientar.

**Psykisk helse og rus:** Ruskoordinator starta i januar. Tenesta får jamt henvisingar frå legar og spesialisthelsetenesta, samt direkte kontakt frå tidlegare brukarar. Ruskoordinator henviser sjølv til spesialisthelsetenesta og følgje opp etterpå. Ved å komme tidleg i kontakt med dei som har ulike utfordringar/problem, blir det lettare både å skape gode relasjonar, og få eit betre utgangspunkt for å hindre vidare utviklingar av problem. Fleire har fått trygge bu og omsorgstenester i omsorgsbustadar, noko som har styrka deira livskvalitet. Tenesta er med å forme kommunale planar, og deltek i tiltak som er utforma etter planar. Tenesta har vore representert i utforming av plan for sjølvordførebygging, og delteke i tiltak i samanheng med programmet «Tidleg inn», som styrkar fokus og tidelege tiltak i forhold til barn.

### **8.5.2 Viktige hendingar**

#### **Generelt for omsorgstenesta**

- Omsorgstenesta er på veg tilbake til vanleg drift etter korona
- Nytt turnusprogram (VFR) for heile omsorgstenesta. Dette har vore tidkrevjande å sette seg inn i.
- Arbeidsplan som er eit administrativt program for planlegging av tenestene var innført i 2022. Særleg heimetenesta har god nytte av dette
- Hygienetilsyn
- Farmasøytilsyn
- Praksisplass for 8 sjukepleiestudentar, 4 elevar i helsefag, 2 vernepleiestudentar
- 2 praksiskandidatar to fagbrev i helsefagarbeidarfaget
- Deltatt i prosjektet «Gode pasientforløp»
- 2 ordinære lærlingar i helsearbeidarfaget er tilsette

### **8.5.3 Heimetenesta**

- Oppstart netnordic omsorg - nytt alarm/ varslingssystem for heimebuande (oppstart seit 2021-tidleg 2022).
- Alle tilsette har gjennomført 2 dagars MAP- kurs knytt til vald og truslar.
- Gjennomført vernerundar på alle gruppene på ansvar 420.


### **8.5.4 Bu- og miljøtenesta**

- Innflytting i Markatunet, omsorgsbustadar for personar med funksjonsnedsettingar, den 01.04.2022. Markatunet består av åtte leilegheiter med ein fellesleilegheit/ personalbase. Ved oppstart var det planlagt innflytting av tre bebuarar, medan det i løp av året har flytta inn tre stykk til.

- Felles gruppeleiar på Austlid og Markatunet.
- Vernerunde utført våren 2022
- Ny seksjonsleiar frå 01.06.22
- Delteke i CRPD-nettverk (to tilsette)
- Tilsyn og pålegg frå Arbeidstilsynet i eit prosjekt, med oppfølging gjennom siste halvdel av 2022. Utarbeiding av ROS-kartlegging og handlingsplan i samarbeid med Avonova, verneombod, tillitsvalde og tilsette etter tilsyn juni 2022.
- Auka gruppeleiar frå 40% til 50% administrativ stilling i prosjekt. Tilsett ny gruppeleiar før årsskiftet.
- Omfattande bruk av vikarbyrå rekrutteringsvanskar.

### **8.5.5 Sjukeheimen**

- Omorganisering av sjukeheimen etter råd frå Telemarksforskning om nærlieing. Omsorgssenter 1 og 2 vart delt inn fire seksjonar.
  - Solstova / Rask: Ass. Seksjonsleiar 50% administrasjon og 50% i turnus.
  - Kårstova og dagaktivitetstilbod for heimebuande ,med demens: Ass. Seksjonsleiar 50% administrasjon og 50% i turnus
  - Smia / Fløyen Omsorg 1: Ass. Seksjonsleiar 50% administrasjon og 50% i turnus
  - Askvoll omsorgssenter: Seksjonsleiar i 100% stilling med overordna ansvar for sjukeheimen. Personalansvarleg for Ass. Seksjonsleiarane, institusjonskjøkkenet, reinhald/ vaskeri og aktivitør.
- Aktivitetane på sjukeheimen og i omsorgsbustadane er tatt opp att etter pandemien. Samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar er godt.
- Institusjonskjøkkenet hadde stor personalmangel problem fram til hausten 2022, med mangel på personell i kombinasjon med stort sjukefråvær.
- Smia/ Fløyen har hatt høgt belegg på korttidsplassane, det og til tider overbelegg. Avdelinga har to rom som kan nyttast til tomannsrom og desse har ofte vore nytta til det. Avdelinga har 5 korttidsplassar og 5 leilegheitene med døgnbaserte tenester. Leilegheitene vert nytta til rehabilitering og korttidsplassar. Både leilegheitene og dobbeltromma har vore nytta til ektepar når begge har hatt behov for høgre omsorgsnivå, eller den ikkje treng plassen får nødvendig omsorg og hjelp hos den sjuke ektefellen. Eit rom vart midlertidig omdisponert til eit behandlingsrom og treningsrom frå juni 2022 for rehabilitering og opptrening. Behandlingsrommet er ofte i bruk både



på dagsid og kveldstid og viktig for at pasientar skal komme seg raskare etter sjukdom og skade. Det vil derfor medverke til høgare gjennomstrøyming av pasientar.

- Dagaktivitetstilbodet for heimebuande med demenssjukdom tok i bruk ei omsorgsleilegheit som midlertidig lokalisasjon..

## 8.6 Utfordringar framover

### 8.6.1 Endra tenestebehov

- Talet eldre aukar og behova for helsehjelp er meir komplekse. Ein del sjukdommar aukar samtidig med at talet eldre aukar. Dette gjeld særleg demenssjukdommar, kreft og hjarte- og karsjukdommar og psykiske lidingar. Derfor vil det vere nødvendig å yte meir tenester frå heimesjukepleia. Samtidig er det eit mål at eldre bur heime så lenge som mogleg.
- Heimetenesta på Atløy, i Balandet og Værlandet vil starte tenester på ettermiddag og helg som eit prøveprosjekt frå august/september 2023
- Overføring av tenester frå spesialisthelsetenesta til kommunane aukar presset på sjukeheimen, særleg Smia/Fløyen. Pasientar blir raskare utskrivne frå sjukehus, og fleire heimebuande pasientar med akutt funksjonssvikt treng korttidsplass med behov for høgt kvalifisert personale, både for å gje forsvarlege tenester for ulike sjukdomstilstandar og gje nødvendig rehabilitering. Med eit auka tal eldre vil også denne pasientgruppa auke. Dette må vidare sjåast i samanheng med utviklinga i heimetenesta som står overfor dei same utfordringane.
- Demensførekomsten i Askvoll kommune vil auke i åra som kjem. Det er i dag stipulert 97 personar med demenssjukdom, 113 personar i 2030 og 141 personar i 2040. Det er særleg gruppa over 80 år som aukar mest. (<https://demenskartet.no/#4645>). Dette fordrar at kommunen planlegg fleire plassar med døgnbaserte plassar. Reknar vi at 15% av personar med demens treng døgnbaserte tenester vil vi trenge 6 - 8 nye plassar innan 2040. Det bør vurderast å etablere desse som bufellesskap på eit noko lågare omsorgsnivå enn Kårstova. Samtidig må dagtilbodet for heimebuande med demenssjukdom aukast og få ein meir tilpassa lokalitet. Avlastningsplassar i institusjon bør utvidast frå 1 til 2 plassar.

Behov for tenester til barn og unge er aukande. Det har vore ei stor auke kring etterspurnaden på koordinator dei siste åra. Koordinatorbehovet er nesten dobla på fire år. Fleire familiar treng tenester frå BUP, barnevern, sog andre helse og omsorgstenester. Også fysioterapeutane og skulehelsetenesta merkar denne auken. I dag vert avlastning til barn og unge utført i avlastningsfamiliar. Framover er det behov for avlastningsleilegheiter med eige personell for å kunne yte tilstrekkeleg avlastning. Det vil også vere behov til større leilegheiter for personar med større funksjonsnedsetting i løpet av ein 5 årsperiode. Primærtenester for dei yngste må

---

styrkast i åra framover og det er behov for å utvikle gode retningslinjer og rutinar for tverretatleg arbeid og koordinerande eining.

- Velferdsteknologiske løysingar er nødvendig for å redusere trykket på heimetenesta og bu- og miljøtenesta.

### **8.6.2 Mangel på psykolog**

- Mangel på psykologtenester medfører at skulehelsetenesta får eit større ansvar i oppfølging av barn med lette til moderate psykiske helseproblem. Det er ikkje tilstrekkeleg ressursar til dette og helsestasjonen har ikkje den nødvendige kompetansen til desse problemstillingane. Også fysioterapitenesta opplever at stadig fleire barn og unge med åtferdsproblem vert henvist. Vi ser også at vaksne med milde og moderate psykiske helseproblem ikkje får behandling i spesialisthelsetenesta, og forventinga til hjelp ligg til kommunen.

### **8.6.3 Førebygging**

- Førebygging er eit viktig område for at eldre skal kunne bu heime og holde seg frisk lenger. Fleire kommunar har etablert Frisklivssentral. Læring- og meistringsgruppa har svært avgrensa økonomiske ressursar å spele på.
- I kommunen sin plan for «Leve heile livet» skal det gjennomførast førebyggande heimetilsyn til eldre. Planen i 2023 er å tilby dette til personar over 85 år.
- Askvoll kommune skal vedta og setja i verk Oppvekstplan for Askvoll kommune, dette er eit tverretatleg samarbeid og inneberer tidleg innsats for barn og unge
- Meir tilgjengeleg helsestasjon for ungdom

### **8.6.4 Rekruttere og behalde personell, og kompetanseheving**

- Kompetanseplan for helse og omsorg er under utarbeiding. Her kjem det fram at i løpet av dei neste 8 åra vil tilsvarande 4-5 årsverk som sjukepleiar og 12 årsverk som helsefagarbeidar gå av med pensjon. Dette kjem i tillegg til mangelen på fagpersonell vi allereie har, og det behovet vi får på grunn av dei demografiske endringane og oppgåveforskyving frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Det er viktig å ha fokus på rekruttering og behalde tilsette både fagutdanning og høgskule/ universitet i alle helse- og omsorgstenestene. Det er viktig å fokusere lokalt med kompetanseheving av tilsette, der vi tilbyr og motiverer til utdanning for assistenter og andre som arbeidar i helse- og omsorgstenester både til helsefagarbeidar, sjukpleiar og vernepleiar. Samtidig er det viktig å legge til rette for at rekruttering av nye tilsette, og utflytta ungdom skal flytte tilbake og etablere seg i kommunen. Godt arbeidsmiljø og kompetanseheving med lønstilllegg for etter- og vidareutdanninger er viktige tiltak.
- Legetenesta: Ei stilling som fastlege har vore utlyst over lang tid utan søkerar. Det er utfordrande og arbeidskrevjande for tilsette å stadig forhold seg til nye

vikarar, og for pasientar er det lite tilfredsstillande å stadig måtte gå til ny vikar. Askvoll kommune har tildelt vakter på den interkommunale legevakta ut frå legeheimlar. Med legemangel blir det fleire vakter per lege, og meir fråvær av legar på legekontoret.

- Fysioterapi: Behov for fysioterapi er aukande både hos eldre, vaksne og barn.
- Psykisk helse og rusarbeid: Mangel på psykolog fører til auka press på skulehelsetenesta, fysioterapitenesta og legane. Kompetansemangel er ei utfordring særleg for arbeid med barn og unge med lettare psykiske helseproblem.

### **8.6.5 Organisering av tenestene og arbeidsfordeling i tenestene**

- Omsorgstenesta har jobba med søkerads- og vedtaksprosessen for tildeling av tenester i omsorgsprosessen og eit eige tildelingskontor eller tenestekontor er nødvendig.
- Innan Bu- og miljø, heimetenesta og helse må ein sjå på organiseringa for å redusere talet personell på den enkelte leiar slik ein har gjort på sjukeheimen. Nærleiing var eit forslag i rapporten frå Telemarksforskning.
- Innan bu- og miljøtenesta er det viktig å samle tenestene for å få eit betre fagmiljø og betre utnytting av tenestene og fagkompetansen. I bu- og miljø er det også viktig å jobbe for å få fleire heiltidsstillingar, for å tilby betre kontinuitet i tenestene (jf. rettleiaren ««Gode helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming»»).
- Heimetenestene har mykje oppfølging av personar med rus- og psykiske lidingar. Her treng vi å vurdere organisering av dette arbeidet og kva kompetanse som krevjast.
- Det skal jobbast vidare med prosjektet «Gode pasientforløp» for å forbetre overgangane frå sjukehus til kommune, sjukeheim til heimesjukepleie og frå heimesjukepleie til sjukeheim.
- På grunn av kompetansemangelen vil helse- og omsorgstenesta gå gjennom og eventuelt endre arbeidsoppgåver mellom dei ulike yrkesgruppene (jf. Helsepersonellkommisjonen sin rapport).

### **8.6.6 Vedlikehald og rehabilitering av bygningsmassen**

Bygningsmassen på store delar av sjukeheimen er gammal og treng vedlikehald. Skifting av glas og dørar på sjukeheimen er planlagt i 2023. To av skyljeromma og institusjonskjøkkenet må utbetrast etter avvik frå Hygienesjukepleiar og Mattilsynet. Det er framleis stor mangel på kontor og vi manglar eigna garderobe for menn.

### **8.6.7 Sjukefråvær**

Etaten vil innføre nye retningsliner for førebygging av sjukefråvær og oppfølging av sjukemelde.

# 9 NAV

## 9.1 Stillingsoversyn

NAV har 3,1 kommunale stillingar; to 100%, ein 80% og ein 30%.

Vi har to 100% statlege stillingar, den eine av desse arbeider med regionale oppgåver. I tillegg kjem leiarstillinga som er delt likt mellom stat og kommune.

## 9.2 Sjukefråvær

NAV hadde lite sjukefråvær i 2022. Tala er små og av personvernomsyn er det ikkje teke ut statestikk.

## 9.3 Beskriving av tenesta

### Økonomisk sosialhjelp

I 2022 var det 71 brukarar som mottok økonomisk sosialhjelp mot 63 i 2021. Årsaka til auken er busetting av flyktningar. Ser ein bort frå desse har det vore ein nedgang i tal brukarar. Utbetalingane til flyktningar auka med kr 600 000,- medan det var ein nedgang på kr 280.000,- til andre. Samla sett så har både tal brukarar og størrelsen på utgiftene auka frå 2021 til 2022.

Viser til statstikk.

Brukarane som treng økonomisk stønad har ofte samansette problem. Det kan vere gjeld eller helseutfordringar. Vi hadde 15 saker med frivillig forvaltning. Dette er stort sett saker med gjeldsproblematikk. Men det var ikkje auke av tal gjeldssaker i løpet av 2022.

### Husbankordningane

I 2022 tok vi opp kr 6 000 000 i startlånmidlar i Husbanken til vidare utlån. Vi innvilga to lån til kjøp av bustad med til saman kr 4 694 170. Resten av midlane er over ført til 2023. I tillegg tildelte vi kr 90 000- i tilskot etablering og kr 70 000 utbetring og tilpassing.

### Flyktningar:

I første halvår av 2022 hadde vi få flyktningar som trøng oppfølging frå NAV. Dette auka vesentleg utover hausten då kommunen mottak mange flyktningar frå Ukraina.

---

### **Ungdom:**

I NAV kjem alle under 30 år under omgrepet ungdom. I 2022 hadde vi gjennomsnittleg 20 brukarar i denne gruppa. Det er få saker, men sakene er samansette og handlar om både helse, økonomi og sosiale utfordringar. Desse ungdommane treng tett oppfølging over fleire år, både frå NAV og andre i hjelpeapparatet. Vi har i løpet av 2022 hatt svært få saker der ungdom har droppa ut av vidaregåande skule.

### **Arbeidssøkarar - ordinære:**

Det var låg arbeidsledigheit gjennom heile 2022.

**Arbeidssøkarar med nedsett arbeidsevne:** Del arbeidssøkjarar med nedsett arbeidsevne (mottakarar av arbeidsavklaringspengar) har halde seg stabilt på om lag 50 saker dei siste tre åra.

### **Sjukmelde:**

Oppfølging av sjukmelde vart i 2022 overført til regional sjukefråværsavdeling. Dette er eit pågående prosjekt som skal vurderast innan 30.06.23.

## **9.4 Viktige hendingar**

- Auke i tal flyktningar i andre halvår 22.
- Arbeid med utgreiing av eit mogeleg vertskommunesamarbeid i regionen vart starta hausten 22.
- Oppfølging av sjukmelde overført til regional sjukefråværsavdeling frå jan.22.

## **9.5 Utfordringar framover**

- Arbeid med å kvalifisere og skaffe arbeid til den store gruppa med ukrainske flyktningar.
- Auka levekostnader. Hittil i 2023 har vi fått fleire brukarar som treng økonomisk støtte og nye gjeldssaker.
- Vertskommunesamarbeid. Vedtaket i kommunestyre vil påverke arbeidet på navkontoret. Dersom vi inngår eit samarbeid vil det verte ei omorganisering. Står vi utanfor som einaste kommune i regionen, vil det få konsekvensar for samhandling med dei andre navkontora i regionen.
- Endringar i personalgruppa. Innan 2-4 år vil tre av dei tilsette vere mellom 65-67 år og kan pensjonere seg. Det kan bli ei utfordring å rekruttere kvalifisert arbeidskraft.
- Innsparing/gevinstrealisering. Digitalisering og endra arbeidsmetodar medfører forventningar om effektivisering. På statleg side er det varsle nedtrekk i ressursar. Det er truleg at kommunane og må sjå på ressursbruken framover.

# 10 Landbruksforvaltninga for Askvoll, Fjaler og Hyllestad

Etter initiativ frå Hyllestad kommune vart det frå 01.08.20 felles landbruksforvaltning mellom Askvoll, Fjaler og Hyllestad. 2022 er slik andre året med felles landbruksforvaltning i dei tre kommunane.

Landbruksforvaltninga har hovudkontor i Askvoll, med kontordagar i Fjaler og Hyllestad. I følgje samarbeidsavtala vert kostnaden med landbruks-forvaltninga delt mellom kommunane med 40 % på kvar av kommunane Askvoll og Fjaler, og 20 % for Hyllestad.


## 10.1 Stillingsoversyn

Det er knytt 5 stillingsheimlar til felles landbrukskontor.

- I Askvoll veteranærvaktområde er 2 veteranærar tilsett i 20% stilling.
- I Hyllestad vaktområde (Fjaler, Hyllestad og Solund) har 3 veteranærar driftstilskot løn for dagvakt, tilsvarende 20% for kvar av veteranærane.

## 10.2 Sjukefråvær/ interne prosesar

Ein har noko langtids sjukefråvær. Ein har gjennomført tilrettelegging, og møter med mellom anna NAV og HR-ansvarleg, for å tilpasse arbeidssituasjonen og redusere belastning.



I 2022 har ein hatt ein del ekstraoppgåver knytt til avlingssvik, og søknader om utsett spreiefrist, knytt til særslig ulaglege værtihøve i vekstsesongen 2022. Dette har medført

---

noko etterslep for nokre oppgåver, og då særskilt hausten 2022. Dette har også medført at arbeidsbelastninga til tider har vore høg. Ein har også hatt ein gjennomgang av oppgåvefordeling, hausten 2022, for å betre arbeidsflyt.

## 10.3 Beskriving av tenesta

Landbruksforvaltninga si primære arbeidsoppgåve er å utøve den statlege landbrukspolitikken. I praksis vil det seie å forvalte midlane over jordbruksavtalen, handheve lovverket knytt til jord og utmark, og være ein medspelar for å utvikle landbruksnæringa.

## 10.4 Viktige hendingar

### 10.4.1 Generelle tilhøve i landbruket

I 2022 hadde ein eit svært krevjande år, med mykje nedbør, som gav vanskar med spreiing av gjødsel, og avlingssvikt.

Sterk inflasjon og kostnadsauke påverka landbruket vesentleg, med auka kostnader mellom anna knytt til diesel, kraftfôr, kunstgjødsel og byggekostnader. Situasjonen vert opplevd som urovekkande, og særskilt med tanke på kommande krav til investeringar i nybygg/ombyggingar, og fare for avskaling i tal bruk i drift.

#### Velferdsordning - Avløysing ved sjukdom

I 2021 var det handsama og betalt ut tilskot til avløysingar ved sjukdom til 28 føretak.

#### Gardskart - Ajourhald av kartgrunnlaget

Ajourhald av gardskart er svært viktig for forvaltning av ulike støtteordningar og arealregelverk i landbruket. Tala vert m.a lagt til grunn for søknad om produksjonstilskot. I 2022 vart det retta kart på 46 eigedomar i dei tre kommunane. Det innebar mykje feltarbeid med synfaring av areal, og rettingar i kartbasen.


## **10.4.2 Produksjonstilskot/ RMP**

### **Produksjonstilskot:**

Landbruksforvaltninga har forvaltnings- og kontrollloppgåver knytt til produksjonstilskotsordninga. I HAF utgjer PT-midlane om lag 100 millionar kr, som sett strenge krav til forvaltninga. I 2022 handsama vi 268 søknader i mars og i oktober (totalt 536 PT søknader) om produksjonstilskot i jordbruket, fordelt på; 47 i Hyllestad, 112 i Askvoll og 109 i Fjaler per søknadsomgang. Det skal årleg gjennomførast kontroll på 10% av føretaka.



Sjølv om landbruket er prega av mange år med driftsrasjonalisering, der ein høg del leigejord er blitt ein viktig del av driftsgrunnlaget, er tal føretak som søker om produksjonstilskot relativt stabilt.



### **Regionalt miljøtilskot i jordbruket**

Er tilskot for å stimulere til å oppretthalde og utvikle ei ope og variert kulturlandskap og å fremje god agronomi og miljø. I 2022 handsama vi til saman i dei tre kommunane; 110 søknader (Askvoll 36, Fjaler 50, Hyllestad 24). Det var i hovudsak søker om tilskot til slått av bratt areal. I tillegg er det ein auke dei som søker om miljøvenleg spreiing av husdyrgjødsel. (Nedfelling og spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange).

## **10.4.3 Viltforvaltning**

### **Hjort**

Tal felte hjortedyr i kommunane i 2022:

Askvoll: 739 hjortedyr

Fjaler: 833 hjortedyr

Hyllestad: 604 hjortedyr.

Sum HAF: 2.176 hjortedyr

Alle kommunane har høge fellingsstal sett i eit historisk perspektiv, noko som er i tråd med målsetting om bestandsreduksjon. Hyllestad er ei felling i frå fellingsrekorden i 2021. Fjaler har det tredje høgste fellingsstalet i historia. Askvoll i 2022 har det nest høgste fellingsstalet på hjort nokon sinne.

Sett Hjort tala er stable i Hyllestad, medan i Fjaler og Askvoll syner indikatoren ein nedadgåande trend på Sett Hjort per jegerdag.

Kommunale mål er at sett hjort tala skal ned generelt for kommunane. Måla er sett for å auke kvalitet i bestanda, samt redusere skade knytt til innmarksareal, skog, og påkørysleproblematikk.

## Gås

Bestanden av gås ser ut til å vere aukande, noko som har ført til betydelege skader på dei jordbruksareala som ligg inntil sjø- og vassområde. I den forbindelse er det utarbeida forvaltningsplan for gås i alle tre kommunane, for perioden 2022-2026.

### **10.4.4 Skogbruk**

I mars 2020 vart tømmerkaia i Dalsfjorden opna og teken i bruk. Det er venta at tømmerkaia vil ha stor innverknad på skogaktiviteten i åra framover.

For å imøtekome ei sterk venta auke i avverking, er det naudsynt å få til best mogeleg transportløysing for avverka tømmer. I åra som kjem vil slik bygging av skogsvegar, samt oppskriving av vegklassar, og utbetring av det offentlege vegnettet være viktig.

I 2021 fekk vi løyvd 1,7 millionar, frå Statsforvaltaren, til bygging av skogsbilveg i Fjaler kommune. Dette er tilskotsmidlar som er fordelt på tre veganlegg.

I 2022 har vi fått løyvd 2 millionar kr til Fjaler, og kr 882.000,- kr til Hyllestad og 60.000 kr til Askvoll.

I 2023 har Fjaler fått 525.000kr til landbruksvegar, medan Askvoll fekk 90.000kr.

Forvaltninga har ei viktig rolle, knytt til å rettleie skogeigarar før uttak av skog. Dette for at skogeigar skal kunne gjere gode vurderingar i forhold til vegløysingar og hogst. Det er mykje å vinne på god planlegging av skogsdrifter.

I Askvoll, Fjaler og Hyllestad er det i gang skogbruksplanprosjekt. Skogeigarane i dei tre kommunane vil få informasjon og tilbod om skogbruksplanting hausten 2023. Tilboden om skogbruksplan vil verte svært viktig for skogeigarane i dei tre kommunane, pga. nye krav i PEFC-sertifiseringa til skogbruket.

#### **Godkjenning av dyrkingsplan**



#### ***Godord frå skogen***



## **10.4.5 Godkjenning av dyrkingsplan**

### **Søknadar om nydyrkning**

I Askvoll fekk ein inn 3 nye og har godkjent 7 søknadar om godkjenning av plan til nydyrkning. Totalt var det godkjent plan for dyrking av 78 daa. I Fjaler var det 2 søknadar, godkjent 1 søknad, med totalt 5da. Det var ingen søknader i Hyllestad i 2022.



## **10.4.6 Drenering**

Askvoll fekk ei ramme 150 000 kr, pluss 15 000 kr for tiltak som ikkje blei gjennomført, samla kr 165 000 kr i 2022. Det var sendt inn 11 søknadar og det blei løyvd 119 532 kr til dreneringstiltak i Askvoll i 2022.



Fjaler fekk ei ramme på 300 000 kr og det blei inndratt 61 130 kr, totalt ramme på 361 130 kr i 2022 . Det var sendt inn 10 søknadar i 2022 og 8 blei løyvd, resterande i 2023 (sendt i seint på året). Det var tildelt 118 432 kr i Fjaler kommune i 2022.

Hyllestad fekk tildelt kr 100 000 til dreneringstiltak i 2022, og det blei tildelt kr 7.500. 4 av søknadane var sendt inn etter at systemet var stengt v årsslutt. Desse vart løyvd tidleg i 2023.

## **10.4.7 Investeringstilskot Beitelag**

Askvoll har i 2022 fått tildelt 60 000 kr til fordeling til tiltak i beiteområdet. Samla kostnadsoverslag for søknadane i år er 353 055 kr fordelt på 6 søknadar. To søknadar er ikkje prioritert, ettersom det ikkje er tilstrekkeleg med midlar. Elektronisk overvakningsutstyr fekk tilskot på ca. 40%.



Fjaler kommune har i 2022 fått tildelt 50 000 kr til fordeling til tiltak i beiteområder. Samla kostnadsoverslag for søknadane var 117 386 kr

fordelt på fire søknadar. Det blei gitt 53% tilskotssats til ielektronisk overvakingsutstyr, og 34 % tilskot til fast installasjon.

Hyllestad kommune fekk ei ramme på 20 000 kr. To tiltak er faste installasjoner/ bruer, og innkjøp av Nofence-klavar til utmarksbeite. Det blei gitt 70% tilskot til innkjøp av 3 Nofence-klavar, og 50 % tilskot til fast installasjon.

#### **10.4.8 Driftstilskot til beitelag**

Føretak som har dyr på utmarksbeite kan organisere seg i beitelag og samarbeide om tilsyn, sinking og andre fellestiltak. Landbruks-forvaltninga handsama 9 søknader om driftstilskot til Beitelaga i Askvoll, Fjaler, og Hyllestad. I Askvoll kommune er det 4 aktive beitelag, I Hyllestad 1 lag og i Fjaler 4. Alle laga fekk godkjent tilskot til drift i 2022.

#### **10.4.9 Spesielle Miljøtiltak i landbruket (SMIL)**

Askvoll :

Tildelt ramme fra fylket var i 2022 på kr 309.850 Kr 74.050 var trekt inn fra prosjekt som ikkje vart gjennomført, totalt kr 383.900 Det vart innvilga 11 søknader, hovudsakleg innan beiterydding og gjerdetiltak, og noko på restaurering av bevaringsverdige bygg.

Fjaler:

Tidelte ramme var på kr 357.500, og Kr 96 760 var trekt inn fra prosjekt som ikkje vart gjennomført, totalt kr 454 260. Det var innvilga 14 søknader, hovudsakleg knytt til beiterydding, gjerdetiltak, men og restaurering av bygg og erosjonssikring.

Hyllestad:

Tidelte midlar fra fylket var i 2022 på kr 110.000. Det var trekt inn og omfordelt kr 32.500 fra prosjekt som tidlegare hadde fått løying, men som ikkje vart gjennomført. Det var dermed tildelt totalt kr 142 500. Det var innvilga 5 søknader, hovudsakleg knytt til beiterydding og gjerdetiltak.



#### **10.4.10 Veterinærtenestene.**

Ifølge forskrift for dyrehelsepersonell §3, har kommunen ansvar for at det er tilfredsstillande veterinærtenester i kommunen.

Askvoll er eige vaktområde, medan Fjaler, Hyllestad og Solund utgjer eit vaktområde (Hyllestad vaktområde).

I Askvoll vert veterinærtenestene utført av 2 faste veterinærar, pluss ein veterinær som deltek i nokre vakter

I Fjaler, Hyllestad og Solund er det 3 veterinærar som utfører tenestene. For vaktområdet er det kome på plass ny avtale med veterinærane, som tredde i kraft frå jan 2022.



Tilbakemeldingane er at veterinærtenestene generelt er velfungerande og gjev gode tenester til landbruksnæringa.

Ordninga er vidare sårbar, der det i mange vaktområde har synt seg å være utfordrande å skaffe veterinærar som ynskjer og har kompetanse til å jobbe med produksjonsdyr.

I næringssvake områder kan det være krevjande å sikre stabil veterinærdekning.

Dette er eit viktig fokusområde framover, og eit viktig tema som kommunane har spelt inn til Statsforvaltaren, samt i Fylkeskommunen sin temaplan for landbruk, mellom anna med trond for å styrke tilskotsordningane for veterinærvakt/-dekning, samt rekruttering med fokus på produksjonsdyr.

## **10.4.11 Lovsaker**

### **10.4.11.1 Deling, omdisponering og driveplikt**

**Askvoll:** i 2022, 5 delingssøknader, og ei settesak for Kinn. Søknaden i Askvoll er til bustadføremål . Det var ikkje omdisponert dyrka mark til bustadføremål etter jordlova.

**Fjaler:** 4 delingssøknader til busettingsføremål/ bustad generasjonsskifte. Det er omdisponert 5,9da dyrka jord, til busetnad, næringsverksemd, og samferdsle.

**Hyllestad:** Det er handsama 2 delingssøknader, med føremål tilleggsjord, busetting. Omdisponert 0,2da dyrka jord til bustad.

Ein har sendt ut skriv til grunneigarar i utvalde område (Hyllestad), om førespørsmål om trond for areal, og oppfylgingsbrev med informasjon om driveplikt til bruk som ikkje er i aktiv drift. Målet er å få fleire areal i drift, og særskilt i område der det er trond for meir areal/ grovfôr for dei som driv aktivt. Statsforvaltaren har i skriv til kommunane, bede om at ein må auke fokus på oppfylging av driveplikta. Ein har hatt ein søknad om dispensasjon frå driveplikt. Ordninga er svært utfordrande, der ein samla har i overkant av 1100 landbrukseigedommar i HAF.

#### **10.4.11.2 Konsesjonslova**

Samla har ein i HAF hatt 122 saker som gjeld eigedomsoverdragingar via eigenfråsegner. Landbruksforvaltninga har rettleiingsplikt, og ansvar for å føring i Matrikkelen.

I Askvoll er det handsama 5 konsesjonssaker, der det er sett vilkår etter §11, i 3 av sakene.

I Fjaler er det handsama 4 konsesjonssøknader, 3 med vilkår etter §11 (buplikt), og 1 søknad om kjøp av skogteig med vilkår om at teigen skal leggast til ervervar sitt bruk.

I Hyllestad er det handsama to søknader om konsesjon, med vilkår om buplikt etter §11.

I tillegg til konsesjonshandsaminga kjem kontrolloppfylging av bupliktsaker, samt oppfylging av saker med dødsbu, der eigarskifte skal gjennomførast innan 3 år, etter nytt lovverk frå januar 2022.

#### **10.4.12 Innovasjon Norge**

Landbruksforvaltninga har veilednings- og formidlingsrolle, og skal gje uttale/ vurdering til søknader, og gjennomføre ferdiggodkjenning av bygg/ prosjekt, knytt til investerings og bedriftsutviklingsmidlane til Innovasjon Norge.

I 2022 hadde ein 8 søknader i HAF.

I Askvoll: hadde ein 2 søknader om tilbygg på bruk med mjølkeproduksjon, og ferdiggodkjenning av 3 fjøsar, der to gjaldt ombygging/ tilbygg, samt eit nybygg for kjøtproduksjon på storfe.

I Fjaler: 3 søknader med ombygging av fjøs, samt eit nybygg/ tilbygg. Ferdiggodkjenning av ombygging av eit fjøs for mjølkeproduksjon med robot.

I Hyllestad: 3 søknader til IN, eit større nybygg for mjølkeproduksjon (ferdiggodkjent i 2023), 1 søknad om påbygg/ ombygging knytt til hest i næring/ inn på tunet, ein søknad om bygging av eksternt gjødsellager.

Ein har også 8 større og mindre prosjekt under planlegging, samt eit par prosjekt som ikkje var prioritert av IN.



Aktiviteten har vore relativt god i området, noko som er bemerka av Innovasjon Norge.

---

## 10.5 Utfordringar framover

### Forvaltninga

Auka reiseavstand, og auka administrative utfordringar, knytt til organisering av vertskommunesamarbeidet i tre kommunar, gjeve noko meir tids-/ressursbruk. Samstundes som samarbeidet har gjort forvaltninga meir robuste, med mogelegheit for ei betre oppgåvefordeling og spesialisering, knytt til ordningane ein forvaltar, samt i høve avvikling av feriar og ved sjukefråvær. Auka krav til forvaltninga, både knytt til kontroll og oppfylging av økonomiske ordningar ein forvaltar, samt auka fokus på arealbruk og arealbrukskonflikter, er krevjande, noko som gjer det viktig å få til godt samarbeid på tvers av kommunegrensene i små kommunar. Det har vore jobba med dette i mellom kommunane i 2022. I periodar er arbeidsbelastning høg.

### Tilhøve i Landbruket i 2022

I 2022 hadde ein eit svært krevjande år, med mykje nedbør, som gav vanskar med spreiing av gjødsel, og avlingssvikt på fleire bruk. Ulaglege værtihøve i vekstsesongen gav meirarbeid knytt til avlingssviktordninga, og søknader om utsett spreiefrist, som medførte at ein del anna arbeid vart sett på vent hausten 2022. Ordninga med avlingssvikt er forvaltningsmessig krevjande.

Sterk inflasjon og kostnadsauke, har vidare påverka landbruket vesentleg, med auka kostnader mellomanna knytt til diesel, kraftfôr, kunstgjødsel og byggekostnader. Situasjonen vert opplevd som urovekkande, og særskilt med tanke på kommande krav til investeringar i nybygg/ ombyggingar, og fare for avskaling i tal bruk i drift. Dette aukar trøng for å vektlegge næringsutvikling innan landbruket.

# 11 Bygg og eigedom

## 11.1 Stillingsoversyn

Eining/teneste	Leiar	Tal årsver k	Tal tilsett e	Sjukefråvæ r i %
Bygg- og eigedom /oppmåling	Liss Lien	1	1	
Byggesak		1	1	
Plan- og miljøsaker/kart		2	2	
Forvaltning og vedlikehald		0,8	1	
Reinhald Rådhuset		0,61	2	
Samla		5,41	7	5,6 %

## 11.2 Beskriving av tenesta

Hovudansvaret til bygg- og eigedomsavdelinga er forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg, gjennomføring av mindre investeringsprosjekt til utviding og oppgradering av kommunale bygg, arealplanlegging, byggesaker, kartforvaltning, oppmåling, oppfølging av forsøplingssaker, handsaming av spelemiddelsøknader og planarbeid i samband med spelemiddelsøknader samt reinhald av rådhuset.

## 11.3 Viktige hendingar

### 11.3.1 Byggesaker/ kart og oppmåling

Det vart handsama 108 bygge- og delingssøknader etter plan- og bygningslova. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for dei ulike sakstypane ligg godt under tidsfristane i lova. Det vart også i år nytta ein del tid på å sende ut påminning om innsending av søknad om ferdigattest slik at byggesaker kunne avsluttast og bygg registrerast som ferdige i matrikkelen. Det vart skrive ut 87 ferdigattestar og 7 mellombelse bruksløyve.

Det vart handsama 4 klager på bygge- og delingssøknader. Ingen av klagene vart teken til følge og difor sendt vidare til endeleg handsaming hjå Statsforvaltaren. Av dei som vart sendt vidare vart 3 av kommunen sine vedtak stadfesta, 1 vedtak vart omgjort. I

---

2022 har Statsforvaltaren klaga på 1 av kommunen sine vedtak om dispensasjon frå arealdelen.

I 2022 er det ikkje gjort vedtak om lovbrotgebyr.

Det kom inn 24 rekvisisjonar av oppmålingsforretning. Dette er halvparten av det som er normalt. Gebyrinntektene vart difor mykje mindre enn budsjettert. 21 saker vart ferdigstilt. Det vart også i 2022 nytta ein del tid på retting av feil i matrikkelen frå feillister som Kartverket sender ut og elles som vi sjølv eller eigarane av eigedomar oppdaga. Matrikkelen er ei viktig kjelde til eigedomsinformasjon, og data frå matrikkelen vert nytta av ei rekke offentlege og private aktørar. Det er difor viktig at datakvaliteten er god. Det skulle vert nytta meir ressursar til kvalitetshaving av matrikkelen.

Det har mangla opplæring til å oppdatere kart med nye bygg etter at konsulent teknisk drift slutta. Matrikelansvarleg har i 2022 gjennomført naudsynt opplæring til oppdatere karta med nye bygg. Det er ikkje gjort noko med etterslepet frå 2019-medio 2022.

Askvoll kommune har deltatt i eit spleiselag med andre runde historiske ortofoto i Vestland. Prosjektet omfattar flybilde frå 1980 for heile kommunen og frå perioden 1935-1962 for delar av kommunen. Eldre ortofoto kan gi god oversikt over landskapselement før naturinngrep og vere til hjelp i byggesaker for å tidfeste når ein bygning er oppført, eller gje viktig dokumentasjon ved ulovlegheitsoppfølging. Eldre ortofoto vil også vere interessante for historieinteresserte.

#### Plan- og miljøsaker

Det var meldt oppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel hausten 2020 og planprogram vart fastsett i mai 2021. Formannskapet er styringsgruppe. Planen vart ikkje ferdig i 2022. Arbeidet med rullering av arealdelen vart difor ikkje starta opp.

2 detaljregulering vart ferdighandsama/vedtekne i 2022:

Detaljregulering for gnr 23/76 mfl. Prestemarka

Detaljregulering for fv 609 Heilevang

Detaljregulering for gnr 22/59 m. fl Askvoll sentrum vart lagt ut til offentleg ettersyn.

#### Av saker det er gjeve høyringsuttale til kan nemnast:

Framlegg til verneforskrift for Dalsfjorden marine verneområde

Rapport for kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Sogn og Fjordane (KULA) og planprogram for Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn

### **11.3.2 Forvaltning og vedlikehald**

Vasskade i eit husvære ved Holmedal Eldresenter pga. av ventilen til VV-tanken på kjøkkenet rauk. Det måtte leggast nytt golvbelegg i nokre av romma og ny panel på nokre av veggane, nytt røyropplegg kjøkken samt VV-tank.

Av utført vedlikehald kan nemnast:

Riving og oppattbygging terrasse på sørsida av Røverompa som følgje av meldt avvik etter vernerunde (64.000,-). Riving av terrasse, demontering av skyvedør, innsetting av 2 stk. nye vindauge pauserom mot sør ved Røverompa. (29.880,-) Ved Røverompa avdeling Marihøna (brakke) vart det sett opp takoverbygg over inngangsdør mot nord pga. lekkasje inn døra og tetting under barnehage pga. museproblematikk. Dette etter krav om utbetring frå Folkehelseavdelinga. (38.274,-)

Oppussing av omsorgsbustad 108 og 129 ved Askvollheimen / Preste-marka 3d og 13 b (65.000,-)

Rehabilitering av eine pipa ved Bulandsheimen etter fyringsforbod pga. av sprekker. Det måtte då installeras 2 stk. nye omnar samt plate på golvet under omn, då pipa går gjennom to husvære. (67.000,-)

Ny port lagerlokale ekspedisjonsbygget, då eksisterande var skada og «farleg» å bruke (50.400,-)

Innvendig støydemping ved Nipa barnehage (Atløy) som følgje av HMS-avvik, oppsetting av akustikkplater i tak og vegger. (73.580,-).

Ny innmat og ny hovudtavle el-anlegg ved internatet etter pålegg frå Eviny (116.164,-) Skifta kledning vegg mot sør ved Balandet barnehage. Veggen var roten fordi det ikkje var skikkeleg lufting bak kledning (197.550,-).

I 2022 tok vi inn 6 ungdommar i skuleferien til målingsarbeid: Dei fekk måla to bygg med 2 omsorgsbustader i kvar ved Askvollheimen, fasaden mot sør og aust ved Røverompa barnehage og trygdebustadane i Værlandet (der det er 3 husvære) vart .

Vi hadde tilsyn frå Eviny på det elektriske anlegget ved Askvoll skule, Internatet, Holmedal barnehage, Askvollheimen og Baden. Det vart påpeikt ein del manglar som måtte rettast. Blant anna måtte hovudtavla ved Internatet bytast. Det vart påpeika at avvik frå internkontroll el-anlegg ikkje var retta innan fristen og at vi manglar eigenkontroll på elektrisk anlegg. Ein del midlar av vedlikehalds-budsjettet vart nytta til å rette opp desse avvika.

Vi har hatt branntilsyn ved Holmedal barnehage, Røverompa barnehage, Balandet skule og Askvollheimen. Sist det vart gjennomført branntilsyn i kommunale bygg var i 2017. Tilsynet avdekkja at internkontrollsystemet for brannvern ikkje var godt nok kjent eller nytta, det mangla difor system og dokumentasjon på gjennomføre eigenkontrollar. Vi mangla også serviceavtale på nokre brannalarm-, naudlys- og sprinklaranlegg.

---

Vedlikehaldsplan for kommunale bygg vart vedteken.

### **11.3.3 Investeringsprosjekt**

**Ombygging/oppgradering Askvollheimen 2020-2021 Prosjektnr 1156:** Arbeidet med tilbodsdokument for skifting av vindauge og dører samt solskjerming er påbegynt.

Dette er eit stort prosjekt som vi ikkje har hatt kapasitet til å ta skikkeleg tak i.

Prosjektleiar ved rådmannskontoret tok over prosjektet hausten 22.

**Kjøp/Sal av eigedomar**

Det vart fastsett nye prisar for kommunale bustadomter.

Det vart gjennomført sal av følgjande eigedomar:

- Gbnr 22/246 garasjetomt i Storehaugen.

### **11.3.4 Kommunale utleigebustader**

Bygg- og eigedomsavdelinga har nytta ein del tid i lag med Flyktningtenesta til å få tak i private husvære for vidare utleige til flyktningar frå Ukraina. Ved utgangen av 2022 leide vi 13 husvære frå private.

I 2022 har det meste av dei kommunale husværa i Askvoll sentrum vert utleidd. I trygdebustadene i Bulandet, Værlandet og Holmedal har det vert nokre ledige husvære heile året og mesteparten av desse husværa har vert leigt ut til andre enn det dei vart bygd for. Det kan virke som dei eldre ynskjer å bu heime så lenge dei kan, og tilrettelegge sine eigne bustader for det, i staden for å flytte i trygdebustad. Innan utgangen av 2022 var alle husvære i Kvartetten, som kommunen leiger av Norgeshus Naustdal Bustadbygg, leidt ut til flyktningar /vanskelegstilte.

### **11.3.5 Målloppnåing**

I høve til planoppgåvene som er prioritert i gjeldande planstrategi, har vi ikkje fått vedtatt ny samfunnsdel i 2022 slik det er lagt opp til i planstrategien. Av den grunn er heller ikkje arbeidet med rullering av arealdelen starta. Detaljregulering for Prestemarka er vedtatt. Vi har ikkje starta opp med områderegulering for Olsetvikane eller detaljregulering for gang og sykkelveg til Ask.

Når det gjeld sakshandsamingstid i byggesaker, held vi oss godt innanfor fristen i dei fleste sakene. Det har vert færre bygge- og delingssaker enn tidlegare år (50 færre enn 2021), noko som viser att på gebyrinntektene. Det er varsle eitt dokumenttilsyn i 2022 elles har det ikkje vore gjennomført tilsyn, noko det burde.

Askvoll kommune har nådd det nasjonale målet 98% vegadresser innan utgangen av 2022.

Vedlikehald for dei kommunale bygga vart vedtatt i desember. Planen gjev ein samla oversikt over og status for bygningsmassen til kommunen. Den presenterer og framtidige behov for opprusting i tillegg til at den synleggjer kva økonomiske

---

konsekvensar dette vil få for kommunen. Det har teke noko tid å få på plass ein skikkeleg oversikt og samla dokumentasjon og teikningar for dei ulike kommunale bygga.

### **11.3.6 Miljø- og klimatiltak**

Det vart skifta til 2 stk. nye reintbrennande vedomnar ved Bulandsheimen.

## **11.4 Utfordringar framover**

Vedlikehaldsplan for dei kommunale bygga vart som nemnt vedtatt i desember. Planen syner kor mykje som bør settast av i budsjett for at standarden på dei kommunale bygga vert opprethalden. Ved vedtak av budsjettet for 2023 vart det sett av halvparten av det planen syner det er trong for. Manglande vedlikehald vil på sikt tvinge fram meir kostbare oppgraderingsbehov.

Det er også ei utfordring å ha tilstrekkeleg kompetanse og å halde seg oppdatert innanfor alle dei ulike fagfelta avdelinga har ansvar for.

# 12 Brann og redning, feiing

## 12.1 Stillingsoversyn

Eininga Brann og feiing har samarbeidsavtale med Sunnfjord kommune om leiing av branntenesta. Eininga har 1,21 årsverk og 36 tilsette (derav ein heiltid og 35 deltid).

## 12.2 Beskriving av tenesta

- Hovudbrannstasjon i Askvoll har 16 brannkonstablar deltid, derav 4 utrykningsleiarar i 4-delt heimevakt.
- Branndepot på Atløy, Værlandet og Kvammen, alle med 6 brannkonstablar deltid.
- Feiarvesen med 1 vaksenlærling i 100%-stilling.

## 12.3 Viktige hendingar

- Ombygging av Askvoll brannstasjon sto ferdig hausten 2022.
- 32 utrykkingar i løpet av 2022, derav ei auke på 10 oppdrag bistand helse, i høve eit normalår.

## 12.4 Utfordringar framover

- Samhandling mellom naudetatane brann, helse og politi.
- Beredskap til sjø og øyane, i mangel på båttransport.



# 13 Teknisk drift

## 13.1 Stillingsoversyn

Eining/teneste	Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette
Teknisk drift	Per Jan Ryland	2,0 årsverk	2 tilsette

## 13.2 Beskriving av tenesta

### Drift og vedlikehald vegar:

Askvoll kommune har omlag 80 km veg. Omlag 55-60 km har fast dekke. Om det skjer mykje vintervedlikehald frå januar til april vil dette legge føringar for kva som er mogleg å bruke på sommarvedlikehald. I 2022 vart det gjennomført vanleg vedlikehald. Kunne ønska at det vart brukt meir midlar på grøftereinsk enn det som er gjennomført. Om der hadde vore økonomiske ressursar til å gjere meir reinsk av grøfter hadde vegane over tid blitt sterkare. Dette vil over tid forlenge levetid på asfalterte vgar mm. Sjølv om det vart tilført ekstramidlar innanfor teknisk i 2022 vart resultatet ei overskridning på kommunale vgar.



### Produksjon og distribusjon av vatn:

Kommunen har 4 vassverk. Dette er Askvoll og Holmedal vassverk, Bulandet vassverk, Kvammen vassverk og vassverk ved Gjelsvik skule. Drift av Bulandet vassverk skjer via innleie.

### Avlaupsrensing og avlaupsnett:

Kommunen har 10 avlaupsanlegg i Kvammen, Stongfjorden, Holmedal ,

Hellegjerde, Dørhella, Askvoll, Ask, Sauesundet, Grov og Herland.

### Veglys

Kommunen har mellom 370- 420 veglyspunkt. Det vert arbeidd med få desse oppgradert. Det vert investert i fornying av veglys og utskifting til ledd-lys. Målsetting for å få til enda meir driftssikre veglysanlegg for innbyggjarane.

### Kommunale grøntområde:

---

Større delar av kommunen sine grøntområde vert i dag klypt av robotklipparar. Erfaringane er positive og dette er med å frigjere arbeidsressursar. Det vert arbeidd med å få til enda fleire grøntområde som skal ha robotklipparar. Robotklipparar krev og vedlikehald og det er viktig å investere i driftssikkert materiell.



#### **Kommunale kaier.**

Kommunale kaier er ikkje blitt prioritert dei siste åra. Har maling som skal ut på kantskinner, fender på lager men arbeid på kommunale kaier når ikkje fram når det skal fordelast arbeidsressursar i konkurransen med andre område. Viktig å ha tilsyn med stiger, fenderverk mm.

Fått auka inntekt på ekspressbåtkai. Kommunen bør få til system som gjev inntekter for å ligge til kai på dei kommunale hamneanlegga som ikkje har funksjon som allmenningskai. Vil kunne gje økonomi til å få gjennomført oppgraderingsarbeid av dei viktigaste kaianlegga. Dette har ein arbeidd aktivt med dei siste åra.

Askvoll har auka aktivitet med båttrafikk (båtar som ligg til kai knytt til gods, oppdrett, fiskeri mm) noko som er positivt for næringslivet i sentrum. Dei har og nytte av trafikk som kjem via fritidsbåtar mm. Om dei kommunale kaiene er i god stand vil dette gje ein positiv signaleffekt for kommunen.

## **13.3 Viktige hendingar.**

- Arbeid med sikring av dam i Kvammen er blitt lyst ut.
- Framgang og med avklaring av omfang av arbeid som må gjerast ved Nyksvatn i 2022.
- Krisevassløsing ved AHV vert arbeidd med vidare.
- Asfaltering er gjennomført i 2022.
- Nytt område og lagerhall i Olsetvikane for lagring av diverse driftsmidlar (grus, strøsand mm).
- Fått i gang prisinnhenting av slamavskiljar i Askvoll sentrum.
- Klatrepark er fornja ved Øyra.

### *Interne prosessar:*

Prosess med å få til kommunal drift av BVV i 2022 har som i 2021 blitt redusert.  
Arbeider med oppgradering vassverk (NVE -dammar, oppgradering, nødvatn/krisevatn).

## **13.4 Utfordringar framover**

- Vatn. Oppfølging av krav NVE for Nyksvatn og Kvammen samt få oppgradert kommunale vassverk (leidningsnett, reservevatn, nød- og krisevatn mm).
- Avlaup. Oppgradering/sanering av kommunale avlaupsanlegg i Askvoll og Holmedal.
- Vegar. Få ressursar nok til å forsterke og asfaltere/reasfaltere kommunale vegar.
- Veglys. Få på plass fleire ledd-lys på kommunale veglysanlegg og ha dialog med fylkeskommunen med tanke på veglysanlegg langs fylkesvegane.
- Kommunale kaier. Få til enda meir oppgradering av kommunale kaier og allmenningskaier.
- Grøntområde. Forsette utbygging med fleire robotklipparar.
- Der er mykje etterslep spesielt innanfor vatn og avlaupsområdet. For å kunne klare å løyse desse oppgåvene vil nærmast alle abonnentane i landet oppleve auke i kostnadane for desse tenestene. Dette er og tilfelle for Askvoll kommune.

# 14 Driftssentralen

## 14.1 Stillingsoversyn

Leiar	Tal årsverk	Tal tilsette	Sjukefråvær i % *)
Audun Strømmen	8,01	13	7,1

## 14.2 Beskriving av tenesta

Driftssentralen har det utførande ansvaret for drift og vedlikehald av kommunen sine bygningar, vegar , VA-anlegg. Det er Bygg- og eigendom ,Teknisk drift ,Oppvekst og Helse og Omsorg som har det er overordna ansvaret og tingarar av tenester frå Driftssentralen. I tillegg bestiller leiarane på dei aktuelle einingane tenester frå Driftssentralen.

Vi har i dag ei firedele vaktordning på Driftssentralen. Dette er i ordning som byggjer på heimevakt og oppringing frå brukarane. Her har vi i utgangspunktet 1,5 t i utrykkingstid , men stiller så raskt vi klarer. Vi har og ei varslingstenest, Varsling-24. Denne tenesta vert nytta til å varsle innbyggjarane om planlagde hendingar og forklaringar på uønskte hendingar som leidningsbrud, arbeid på vassleidning, kloakk, ekstremvær, mm.

## 14.3 Viktige hendingar

2022 vart arbeidet med krisvassløysinga i den gamle demma i Holmedal vidareført. Her har dammen blitt rehabilert og der er laga veg fram til den. Arbeide med å ferdigstille nytt pumpehus og legging av rør pågår. Dette arbeidet går vidare inn i 2023.

Den største hendinga i 2022 var innflyttinga i nye bygg, både til lager i Olsetvikane og ny driftssentral på kaia.

Det vart vidareføring av HMT arbeidet som har på gått dei siste åra for å auke sikkerheita til operatørane .



## 14.4 Utfordringar framover


- Fokus på sjukefråvær.
- Internkontrollen og årshjul-Vidare arbeid.
- Veg-Store utfordringar.
- Vatn-Leidningsbrudd, gammalt og slitt utstyr.
- Avløp-gammalt og slitt utstyr.
- Tendensen vi ser med auka arbeidsmengde frå alle einingane og stadig nye bygningsmasser som skal driftas samt reduksjon i stillingar.

# 15 Politikk og lokaldemokrati

## 15.1 Ordførar

Ole André Klausen (H) er valt til ordførar for perioden 2019 - 2023. Gunnar Osland (V) er varaordførar.

Ordførar leiar møta i kommunestyret og formannskapet og er kommunen sin rettslege representant der slik mynde ikkje er tillagt andre.



## 15.2 Kommunestyret

Kommunestyret har 21 representantar. I perioden 2019-2023 er det 5 politiske parti som er representert i Askvoll kommunestyre.

Parti	Gruppeleiar
Arbeidarpartiet (2 representantar)	Terje Bjaanes
Høgre (7 representantar)	Anja Grov Johnsen
Senterpartiet (6 representantar)	Kjell Kristian Carlsen
Sosialistisk Venstreparti (2 representantar)	Gaute Losnegård
Venstre (4 representantar)	Linda Ness Rotihaug



## 15.3 Aktivitet

Politisk organ	Tal møter	Tal saker
Kommunestyret	8	73
Formannskapet	20	131
Komite for plan, næring miljø og teknikk	8	33
Komite for oppvekst og kultur	8	26
Komite for helse og omsorg	6	21
Ungdomsrådet	5	27
Felles råd for eldre og råd for menneske med nedsett funksjonsevne	5	32
Administrasjonsutvalet	4	14
Styre for næringsfondsaker	5	25

Røystestønad politiske parti. Det er budsjettert med kr. 60.000 i tilskot til politiske parti. Desse vert fordelt ut i frå tal røyster kvart parti fekk ved førre val (2019). I 2022 vart fordelinga slik:

Parti	Røystestønad
Arbeidarpartiet	Kr 7 334
Høgre	Kr 19 722
Senterpartiet	Kr 17 024
Sosialistisk Venstreparti	Kr 4 788
Venstre	Kr 11 210

# 16 Interkommunale samarbeid

## 16.1 Vertskommunesamarbeid

### LAF (Landbruksforvaltninga i Askvoll, Fjaler og Hyllestad)

Frå 01.01.2007 vart landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler samlokalisert og organisert som ei eining. Frå 01.08.20 vart Landbruksforvaltninga i Hyllestad også slått saman med den felles landbruksforvaltninga for Askvoll og Fjaler.

Landbruksetaten vart lokalisert til Askvoll og med kontorlokale tilgjengeleg i Fjalerhuset og på rådhuset i Hyllestad.

### PPT (pedagogisk psykologisk tenestekontor)

PPT-samarbeidet omfattar dei kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Høyanger med Fjaler kommune som vertskommune

### HAFS interkommunale barnevernsteneste

HAFS interkommunale barnevernsteneste er ei interkommunal teneste for Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund som vart oppretta 1.april 2006. Tenesta har kontorstad i Dale og Fjaler kommune er vertskommune.

### Alden hamnesamarbeid - Ytre Sogn og Sunnfjord hamn

Ytre Sogn og Sunnfjord Hamn er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bremanger, Flora, Naustdal, Førde, Fjaler, Askvoll, Gaula, Hyllestad, Gulen og Solund.

Ytre Sogn og Sunnfjord Hamn er oppretta for å ivareta deltagar-kommunane sitt ansvar etter Lov om Hamnar og Farvatn og gjeldane forskrifter.

Samarbeidet er organisert som eit § 27-samarbeid etter kommunelova.

Flora Hamn står for dagleg leiing og drift av det interkommunale samarbeidet.

### Miljøretta helsevern

Kommunane i Sunnfjord og ytre Sogn har inngått eit interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving.

Kinn kommune er vertskommune.

Kommunane har delegert ansvar for miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving til det interkommunale samarbeidet.

## 16.2 Kjøp av tenester

Teneste	Kommune
Kulturskulerektor	Hyllestad
Oppmåling	Fjaler
Løn	Sunnfjord
Brann	Sunnfjord
Jordmor	Askvoll sel tenester til Fjaler og Hyllestad
Psykolog	Ikkje tilsett

## 16.3 Interkommunale selskap

### SYS-IKL (legevaktsamarbeid)

Kommunane Askvoll, Balestrand, Fjaler, Førde, Gular, Høyanger, Hyllestad, Jølster og Naustdal har etablert felles interkommunalt legevaktsamarbeid med oppstart den 01.04.09. Alle kommunane deltek i vakta på kveld/natt og helg/høgtid.

Representantskapet består av 9 medlemmar, ein frå kvar deltakarkommune

Styret består av 5 medlemar med personlege varamedlemar, valt på omgang mellom Deltakarkommunane.

Styret er samansett slik:

2 representantar frå fagadministrasjonen i deltakarkommunane

2 representantar frå fagmiljøet i deltakarkommunane

1 representant som er politisk vald.

Representantskapet vel styret etter innstilling frå dei kommunane det skal veljast styremedlemmer frå.

---

### **SYS-IKT (IKT-samarbeid)**

IKT samarbeidet for kommunane i ytre Sogn og Sunnfjord vart etablert i 2005 med Askvoll, Fjaler, Naustdal, Hyllestad, Høyanger, Solund, Jørster, Gauldalen og Førde som medlemskommunar. I dag driftar SYSIKT IKT løysingane for Askvoll kommune, Fjaler kommune, Hyllestad kommune, Høyanger kommune, Luster kommune, Solund kommune, Sunnfjord kommune og Vik kommune

Styret er samansett av kommunedirektørane i deltakarkommunane.

### **Sunnfjord Miljøverk**

Askvoll er medeigar i Sunnfjord Miljøverk SUM, som er organisert som eit interkommunalt selskap og skal utføre renovasjonstenestene i kommunen. Deltakarkommunane er Askvoll, Fjaler, Sunnfjord og Hyllestad

Representantskapet skal ha minst 2 representantar frå kvar kommune, men samstundes minst ein representant pr. 2500,- innbyggjarar.

Styret skal ha eit medlemstal som tilsvrar folketalet i medlemskommunane slik at kvar kommune er representert slik:

0 - 10000	1 medlem
10000- 15000	2 medlemer

### **Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap**

16 kommunar i gamle Sogn og Fjordane har etablert eit interkommunalt revisjonssamarbeid som skal førestå alle lovpålagde revisjonstenester for kommunane.

### **SEKOM**

SEKOM er sekretariat for 9 kommunale kontrollutval i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn: Askvoll, Bremanger, Fjaler, Gloppen, Gulen, Hyllestad, Solund, Stryn og Sunnfjord. Selskapet er eigd av desse kommunane. Kvar av eigarkommunane har eit medlem i styret.

### **Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS**

Alarmsentralen er ein interkommunal sentral (IKS) eigd av 16 kommunar i Vestland, Sogn og Fjordane. Frå 01.02.2021 blei naudmeldetenesta 110 og utalarmering av brannvesen flytta til 110-Vest, Bergen. Alarmsentralen IKS haldt då fram som eit respons og kompetancesenter for sine eigarkommunar. Då med hovudvekt på tryggleiksalarmer og velferdsteknologi. Vidare vil sentralen halde fram med mottak og formidling av automatiske alarmar som Brann - Heis - og andre tekniske alarmar.

# 17 Eigarskap

Namn på selskap	Bokført verdi	Endring	Eigardel
Visit Fjordkysten	37 000		6,214%
Lutelandet utvikling	90 000		6%
Origod Holding AS	1		3,84%
Origod AS			3,742%
Kystvegen Måløy - Florø AS	25 000		1,873%
Firda Billag AS	569 000		5,69 %
Bulandet eigedom	2 000 000		40,56 %
Sogn og Fjordane energi	19 400 000		1,478 %
Sogn og Fjordane Holding			2,574%
Biblioteksentralen	1		
SunnLab			10,079%